




STORD
KOMMUNE



Rådmannen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan 2013–2016

– Saman for utvikling og velferd





Føreord

Dette dokumentet utgjer rådmannen sitt framlegg til formannskap og kommunestyre til budsjett og økonomiplan for åra 2013-2016. Det inneheld talbudsjett, kommentarar og framlegg til vedtak.

Stord, 18. oktober 2013

Magnus Mjør

Rådmann

Innhold

INNHALD	4
1. RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL BUDSJETTVEDTAK	6
2. INNLEIING OG SAMANDRAG	8
2.1 BUDSJETTPROSESS	10
3. RAMMEVILKÅR, OVERORDNA STYRINGSSIGNAL OG FØRESETNADER	11
3.1 FOLKETALSUTVIKLING	11
3.2 ØKONOMISKE FØRESETNADER	12
3.2.1 FRIE INNTEKTER	12
3.2.2 SKJØNSMIDLAR	13
3.2.3 MOMSKOMPENSASJON	13
3.2.4 ASYLMOTTAK, MOTTAK FLYKTNINGAR	14
3.2.5 RESSURSKREVJANDE TENESTEMOTTAKARAR	14
3.2.6 RENTE OG AVDRAGSKOMPENSASJON	14
3.2.7 LØNSVEKST OG PENSJONSKOSTNAD	14
3.3 EIGEDOMSSKATT	16
4. MÅLSTYRING	16
4.1 OVERORDNA MÅLEKART FOR STORD KOMMUNE	17
5. BUDSJETTOMRÅDA, DRIFT OG INVESTERINGAR	18
5.1 FORMANNSKAPET	19
5.1.1 POLITISK	19
5.1.2 ADMINISTRASJON, FELLESGIFTER	20
5.1.3 IKT	20
5.1.4 KYRKJA, KYRKJEGARDAR	20
5.2 DRIFTSSTYRET	21
5.3 KOMITÉ FOR OPPVEKST OG UTDANNING	21
5.3.1 SKULE, SFO	22
5.3.2 BARNEHAGAR	24
5.3.3 KULTURSKULEN	26
5.3.4 BARNEVERN	27
5.4 KOMITÉ FOR NÆRING, MILJØ OG KULTUR	28
5.4.1 KULTUR OG IDRETT	28
5.4.2 BIBLIOTEK	28

5.4.3	BRANN, REDNING OG FEIING	29
5.4.4	BEREDSKAP	29
5.4.5	LANDBRUK, MILJØ OG NÆRING	29
5.4.6	SUNNHORDLAND LUFTHAMN AS	30
5.4.7	REGULERING, BYGGJESAK, OPPMÅLING	31
5.5	KOMITÉ FOR REHABILITERING, HELSE OG OMSORG	32
5.5.1	STATUS	33
5.5.2	UTFORDRINGAR	34
5.5.3	SOSIALTENESTER, NAV	35
5.5.4	SOSIAL OG FØREBYGGANDE TENESTER	36
5.5.5	HABILITERING	36
5.5.6	INSTITUSJONSDRIFT	36
5.5.7	AKTIVITET OG REHABILITERING	36
5.5.8	HEIMEBASERTE TENESTER	37
5.5.9	KUNDETORGET	37
5.5.10	BUSTADER FOR PERSONAR MED SÆRSKILTE BEHOV	37
5.5.11	LEGETENESTA	38
5.6	KOMMUNALE FØRETAK	38
5.6.1	STORD KOMMUNALE EIGEDOM KF (SKE KF)	38
5.6.2	STORD VATN OG AVLAUP KF (SVA KF)	39
6.	FINANS, AVGIFTER, BETALINGSSATSAR	40
6.1	GEBYR OG BETALINGSSATSAR	40
6.2	FINANSINNTEKTER OG –UTGIFTER, LÅNEGJELD	41

1. Rådmannen sitt framlegg til budsjettvedtak

1. Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan for åra 2013-2016 med desse endringane...
2. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
3. a) I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 bokstav d) skal følgjande utskrivingsalternativ for eigedomsskatt nyttast for skatteåret 2013: *Verk og bruk og annan næringsseigedom i heile kommunen.*

b) Skattesatsen vert sett til 2 ‰ av omsetnadsverdien for alle eigedomar.

c) I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a) opnar kommunestyret for fritak av eigedomar som er eigde av stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten. Eigedomar som kvalifiserar for fritak etter bestemmelsen og som er eigde av idrettslag, ungdomslag, bedehuslag og liknande skal ha fritak for eigedomsskatt i Stord kommune. Sakkunnig nemnd legg fram oversyn over kva eigedomar dette kan gjelda. I tillegg kan eigedom tilhøyrande andre stiftingar/organisasjonar bli vurdert fritakne av kommunestyre på grunnlag av søknad.

d) Eigedomsskatten skal betalast i to terminar.

e) Ved taksering og utskrivning av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter.

4. Kommunestyret vedtek å ta opp inntil 162 107 000 kr i lån i 2013 som serielån. Låneopptaket er fordelt slik:

Startlån til vidare utlån, inntil	kr 25 000 000
Lån til investering Stord Hamn	kr 4 580 000
Lån til investering i vatn og avlaup	kr 81 840 295
Andre lån	kr 50 586 705

Lånegjelda skal nedbetalast med minimumsavdrag.

5. Kommunestyret vedtek å auka gjeldande trekkrett i Nordea med inntil 75 mill kr. Rådmannen får fullmakt til å disponera trekkretten.

6. Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter med verknad frå 1. januar 2013 slik det går fram av eige hefte "Betalingssatsar for Stord kommune" for:

- Kommunale eigedomsavgifter
- Gebyr for regulerings-, byggesaks-, og oppmålingshandtering
- Betalingssatsar for feiing og tilsyn

7. Kommunestyret fastset slike førebels tilskotssatsar for 2013 til private barnehagar i Stord kommune:

Ordinære barnehagar:

Små born/full plass kr. 169 386,-

Store born/full plass kr. 82 612,-

Satsar for familiebarnehagar og refusjon kapitalkostnader skal vera tilsvarende retningsgjevande satsar frå departementet.

8. Stord kommune vil i 2013 busettja 10 flyktingar. Familiesameiningar kjem i tillegg.

9. Stord kommune løyver følgjande tilskot over 2013-budsjettet i til nærings- og kulturføremål:

- Atheno, prosjekt Ungt entreprenørskap,	kr 67 500
- Business Region Bergen, driftstilskot,	kr 116 875
- Hordaland olje og gass, driftstilskot,	kr 50 000
- Haukelivegen AS, driftstilskot,	kr 36 250
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland,	kr 402 100
- Sunnhordland museum,	kr 610 000
- Frivilligsentralen,	kr 208 000
- Friluftsrådet,	kr 237 420
- Stord idrettspark AS,	kr 400 000

Formannskapet får fullmakt til å disponera løyving på kr 500 000 til næringsføremål.

10. Kommunestyret vedtek å redusere kraftsalsfondet med kr 2 370 000 for å investere i/oppretthalde infrastrukturen i kommunen. For å trygga vidare drift av Sunnhordland lufthamn AS gjev Stord kommune selskapet eit eigenkapitaltilskot på kr 2 370 000.
11. Kommunestyret skal ta stilling til disponering av løyving på kr 300 000 til planlegging i samband med handsaming av Kommunal planstrategi for Stord kommune.
12. Kommunestyret vedtek budsjettframlegget frå Stord vatn og avlaup KF, inklusiv rammeoverføring til veg, trafikk og parkering slik det ligg føre.
13. Kommunestyret vedtek budsjett for 2012 for Stord kommunale eigedom KF inklusiv rammeoverføring til park/grønt slik det går fram av rådmannen sine kommentarar til budsjettet, avsnitt 5.6.1.

2. Innleiing og samandrag

Rådmannen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan for perioden 2013-2016 byggjer på gjeldande økonomiplan, revidert budsjett og utviklinga elles i 2012, og regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2013. Stord kommune får over statsbudsjettet ein auke i frie inntekter på nominelt 5,4% i høve til 2012. Fråtrekk for løns- og prisstigning på 3,3% inneber ein reell vekst på 2,1%. Driftsbudsjettet har ei brutto ramme på 1,150 mrd kr. Budsjettet gjev rom for å yta gode tenester men det har vore naudsynt å gjera nokre reduksjonar for å få samsvar mellom inntekter og utgifter. Driftsbudsjettet er stramt men vidarefører i hovudsak nivået frå revidert budsjett 2012.

Stord kommune er registrert i ROBEK, register for betinga kontroll. Budsjettframlegget dekkar inn akkumulert underskot i økonomiplanperioden. Det har likevel vore naudsynt å utsetta større investeringar i skule og sjukeheims plassar i eit år til 2016, til etter at det oppsamla underskotet er dekkja inn. Underskotet frå 2010 er på kr 22,5 mill, det er ikkje funne rom for å dekke dette inn i 2014, slik at kommunen må søke departementet om utsetjing. Rådmannen gjer ikkje framlegg om å innføra eigedomsskatt på bustader og fritidseigedom, noko som venteleg ville gitt ei årleg brutto inntekt på 14,5 mill kr. Gjelda utanom sjølvkostområda er i budsjettframlegget stabil/svakt synkande i perioden 2013-2016.

Folketalet i kommunen er aukande med eit større innslag av eldre. Budsjettframlegget tek i nokon grad omsyn til auka utgifter som følgje av den demografiske utviklinga. Drifta innanfor helse, rehabilitering og omsorg er i hovudsak vidareført. Det er lagt inn full drift av 21 bustader til utviklingshemma, men bygging av nye plassar er utsett til 2015. Det er ei utfordring i høve til behovet for nye plassar.

1,8 mill kr av budsjettet for helse, rehabilitering og omsorg er i tråd med prinsippa i Samhandlingsreforma omprioritert til førebygginge arbeid. Det er framlegg om å vidareføra folkehelsekoordinatoren og prosjektet på frisklivssentral. Det er vidare lagt inn midlar til prosjekt for heimebasert rehabilitering for pasientar med hjerneslag og auka talet på dagplassar for demente.

Kommunen har stort behov for å auka talet på sjukeheims plassar. Kommunen ligg i dag 45 plassar under den statlege norma for sjukeheims plassar og talet er aukande. Det vil verta fremja ei sak om eit alternativ til løysinga på Ådland studentheim. For å avbøta situasjonen på kort sikt er det også lagt inn løyvingar til tre nye rom på sjukeheimen frå 2014. Det er vidare framlegg om å omgjera korttidsplassar på Rehabiliteringssenteret til to-sengs rom.

Det vil bli kjøpt inn inntil sju el-bilar til heimebaserte tenester og anlagt hurtigladestasjon i 2013. Leasingavtaler for konvensjonelle bilar vil samstundes bli avslutta. Tiltaket er i tillegg til å vera miljøvenleg også venta å gje ei innsparing i driftskostnader.

Det vart opna tre plassar på Rehabiliteringssenteret i 2012, finansiert med Stord kommune sine midlar til Samhandlingsreforma. På bakgrunn av stoda med mangel på sjukeheims plassar er dette vidareført i økonomiplanperioden. Kommunen skal som del av Samhandlingsreforma ha på plass tilbod for øyeblikkelig hjelp frå 1. januar 2016. Stord kommune vil arbeida for å få etablert eit tilbod saman med Bømlo og Fittjar i tilknytning til Stord sjukehus.

Elevressursen i Stordskulen er vidareført om lag på nivået for 2012. Det er gjennomført nokre reduksjonar. Det vil heller ikkje i 2013 verta symjeundervisning om hausten, og ressursen til sosiallærer på barneskulane er foreslått teken ut. Tredje fase i prosjektet på Langeland skule ligg inne i 2014, medan nye Stord ungdomsskule er utsett eitt år som følgje av den økonomiske situasjonen.

Budsjettframlegget vidarefører driftsnivået i dei kommunale barnehagane. Det følgjer vidare opp framlegget til statsbudsjett med 94% av kostnadsnivået for kommunale barnehagar som overføring til private barnehagar frå og med hausten 2013. Overføringa til private barnehagar utgjer 101 mill kr i 2013. Budsjettframlegget tek høgde for drift av nye Sæ barnehage. Kulturskulen er vidareført som i 2012. Barnevernet går inn i 2013 med noko reduserte rammer. Det er ei utfordring at det heller ikkje er funne rom for barnevernvakt i 2013-budsjettet.

Budsjettområda innanfor næring, miljø og kultur er i hovudsak vidareført på dagens nivå. Det ligg m.a. inne 0,5 mill til diverse næringsføremål og 0,3 mill til oppfølging av kommunen sin planstrategi. Det er lagt inn 0,1 mill til å gjennomføra i ROS-analyse for brannvernet. Feieavgifta er foreslått auka med 5%.

Det er framlegg om å styrka Stord kommunale eigedom KF sitt budsjett med 1 mill kr og det er lagt inn 3 mill kr årleg til opprusting av kommunale bustader. Etterslepet på bygningsvedlikehald er likevel venta å auka i økonomiplanperioden.

Tiltak innanfor VA-sektoren er i utgangspunktet basert på tiltaksprogrammet i hovudplanane for vassforsyning og avlaup. På avlaupssida overstyrer likevel reinsekrava frå Klima- og forurensningsdirektoratet (Klif) kommunedelplanen, og Stord vatn og avlaup KF har no meldt oppstart av rullering av planverka for både vassforsyning og avlaup. Det er til saman lagt opp til å investera 188 mill kr i vassforsyning og 535 mill i avlaup og reinsing i perioden. Det er framlegg om ein auke på 2,6% på vassavgifta og 3,3% på avlaupsavgifta. Tilknytingsavgiftene for både vatn og avlaup er foreslått auka med kr 3 000.

Første byggjesteg på gravplassen i Frugarden vil bli ferdigstillt i 2013. Det er framlegg om vidare opprusting av Stord kyrkje, utviding av kyrkjegarden på Nysæter og ei takvøla på Nysæter kyrkje, og prosesjonsveg i Frugarden. Det er lagt inn 0,25 mill til kjølerom for kister i bårhuset bak Stord kyrkje.

2.1 Budsjettprosess

Det er lagt opp til slik handsaming av budsjettet og økonomiplan 2013-16:

Aktivitet:	Tidspunkt
Rådmannen legg fram sitt budsjettforslag	18. oktober
Formannskapet legg budsjettet ut til alminneleg ettersyn, jf. kommunelova § 45 nr. 3	6.-7. november
Budsjettthøyringar i komiteane	13.-15. november
Kommunestyret vedtek årsbudsjett	29. november
Komiteane handsamar detaljbudsjett	17.-19. desember

Prosessen og sjølve budsjettdokumentet er lagt opp i samsvar med etablert praksis og kommunen sitt økonomireglement, vedteke i kommunestyret i sak 65/12. Etter dette har kommunestyret slikt ansvar og mynde i budsjettsaker:

1. Kommunestyret skal innan utgangen av året i samsvar med kommunelova vedta årsbudsjettet for komande kalenderår og ein økonomiplan for dei tre påfølgjande budsjettåra.
2. Kommunestyret vedtek skatteanslag, rammetilskot, statlege overføringar, andre overføringar, netto avsetningar og finansinntekter og –utgifter. Kommunestyret fastset avgifter og prisar på varer og tenester når slik vedtaksrett ligg til kommunestyret etter lov eller føresegner.
3. Kommunestyret fastset internhusleige til Stord kommunale eigedom KF og vedtek overføringa til Stord kommune, samt overføring til grøntavdelinga spesifisert etter ansvar og tenesteområde. Kommunestyret vedtek nettoramme drift i samsvar med budsjettskjema 1A, fordelt på formannskapet, komiteane og Stord vatn og avlaup KF inklusiv overføring til fagområda veg, trafikk og parkering, spesifisert etter ansvar og tenesteområde.
4. Kommunestyret vedtek investeringsbudsjettet som hovudregel per investeringsprosjekt i samsvar med budsjettskjema 2A og 2B.
5. Kommunestyret vedtek føretaka sine økonomiplanar og budsjett, inklusive investeringar, betalingssatsar og avgifter.

Rådmannen skal etter same reglement utarbeida eit samla framlegg til økonomiplan og budsjett som grunnlag for kommunestyret si behandling. Budsjettet skal vera realistisk, fullstendig og i balanse. Driftbudsjettet skal angi netto driftsramme pr. komité og tenesteområde. Rådmannen sitt framlegg skal bygge på vedteken økonomiplan og andre føresetnader vedteke av kommunestyret, og vera konsekvensvurdert i høve endra føresetnader og vilkår.

Komiteane skal i sin tur fordela nettorammer drift i vedteke rammebudsjett på dei ulike resultateiningane innanfor sine ansvarsområde. Rådmannen vil utarbeida framlegg til fordeling for komiteane på bakgrunn av kommunestyret sitt vedtak 29. november.

3. Rammevilkår, overordna styringssignal og føresetnader

3.1 Folketalsutvikling

Ein viktig føresetnad for økonomiplanen er folketalsutviklinga i kommunen og samansetjinga. Folketalet pr 01.07.2012 var på 18 015, dette er ein auke på 147 frå 2011 (0,8 %).

Folketalet i Stord har i perioden auka med om lag 1% i året, frå 14 870 til 17 957 innbuarar. Frå 2011 til 2012 auka var det ein auke med 153 innbyggjarar. Det var først og fremst innvandring som stod for auken, med netto innvandring på 157 personar. Netto innanlandsk flytting var negativ (-77), medan kommunen hadde eit fødselsoverskot i 2011 på 74. Stord har enno ein relativt ung befolkning, men stordabuen vart i snitt 71 dagar eldre i 2011. I snitt vart nordmenn og hordalendingar ein måned eldre. Det er eit overskot av unge menn i kommunen, med 91 damer per 100 menn.

Prognosar for folketalsutviklinga vil naturleg nok vera hefta med stor uvisse. Med middelalternativet for folketalsutvikling vil me vera i overkant av 20 000 innbyggjarar i 2020, 22 600 i 2030. Det som særmerkar folketalsutviklinga i kommunen i åra framover er først og fremst at fødselsoverskotet vil auke dei næraste åra, at befolkninga fortsatt vil vera yngre enn i gjennomsnittskommunen, og at det skjer stor inn- og utflytting til Stord. Dei siste åra har det vore større tilflytting enn utflytting, men tilflyttingsoverskotet skuldast altså først og fremst innvandring. Folketalsframskrivinga for økonomiplanperioden under, byggjer på SSB si folketalsframskriving for Stord kommune, middels vekstutvikling.

Demografisk utvikling i planperioden					
	2012	2013	2014	2015	2016
0-2 år	745	740	737	773	793
3-5 år	706	752	798	811	791
6-15 år	2 558	2 557	2 526	2 533	2 586
16-22 år	1 935	1 948	1 928	1 911	1 890
23-66	9 959	10 081	10 229	10 373	10 550
67-79 år	1 459	1 475	1 588	1 666	1 742
80-89 år	534	537	546	556	562
90 år og eldre	129	129	125	126	123
SUM	18 015	18 221	18 477	18 749	19 041
Auke	147	206	256	272	292
Auke i %	0,8	1,1	1,4	1,5	1,6

Talet på eldre over 67 år aukar med 17 % i frå 2012 til 2016. Veksten i eldre vil føra til at kommunen får fleire brukarar som treng pleie og omsorgstenester i planperioden.. Tal på barn i skulealder er relativt stabilt i økonomiplanperioden, men ein vekst i 2016 på i overkant av 50 born. Tal på born i barnehagealder går opp i perioden 2012-2015 men stabiliserer seg i 2016. Det er teke høgde for den demografiske utviklinga i økonomiplanen ved at det er lagt inn kr 7,5 mill kr i ekstra lønsavsetjing i 2014, auka med 3 mill i 2015 og ytterlegare 4,5 mill kr i 2016.

3.2 Økonomiske føresetnader

Økonomiplanen og årsbudsjettet er sett opp etter dei rammeføresetnadene som vart gjeve sentralt gjennom kommuneproposisjonen i juni og regjeringa sitt forslag til statsbudsjett.

3.2.1 Frie inntekter

Frie inntekter består av rammetilskot, skatteinntekter, momskompensasjon og andre ikkje øyremerka statlige tilskot, og er hovedfinansieringskjelda til kommunen. Prisstigningsføresetnaden som er lagt til grunn i statsbudsjettet er 3,3%. Lønsveksten er i framlegg til statsbudsjett berekna til å verta 4%. Det er for 2013 lagt opp til uendra skatteøyre for kommunane, 11,6 %.

Statsbudsjettet legg opp til ein nominell skatteauke for kommunen frå 2012 til 2013 med 5,4 %. Kommunen skal i sitt budsjettarbeid ta utgangspunkt i statsbudsjettet sin prognose for frie inntekter men justera for lokale tilhøve knytt til skatteutvikling. Budsjettert skatteinngang i planperioden bygger på kommunen sin skatteinngang i 2011 og utviklinga i 2012. Budsjettframlegget legg til grunn ei skatteinntekt på kr 453 690 000 i 2013 ut frå ei forventning om at skattedelen held seg på same nivå som 2011 i høve til landssnittet (103,4 %). Det inneber ein nominell vekst i dei frie inntektene frå 2012 til 2013 på 5,83 %. Prognosen er lagt på bakgrunn av dei gode utsiktene for lokalt næringsliv og venta utvikling i folketal. Enkeltelementa i skatt og rammetilskot går fram av tabellen nedanfor:

1000 kr	2012	2013	2014	2015	2016
Innbyggartilskot	373 200	392 480	396 115	400 963	404 734
Utgiftsutjamning	-9 525	-6 027	-6 151	-6 283	-6 426
Overgangs- og nyordningar (INGAR)	-1 241	-1 108	-	-	-
Særskilt fordeling	3 366	-	-	-	-
Ordinært skjønn	1 300	1 900	1 900	1 900	1 900
Skjønn - tap endringar av inntektssystemet	700	700	700	700	700
Kompensasjon Samhandlingsreforma	1 738	1 795	1 795		
Revidert nasjonalbudsjett	468				
Sum rammetilskot ekskl. inntektsutjamning	370 007	389 740	394 359	397 280	400 908
Netto inntektsutjamning	-15 140	-16 121	-16 403	-16 711	-17 044
Sum rammetilskot	354 867	373 619	377 956	380 570	383 864
Skatt på inntekt og formue, vårt anslag	444 075	453 690	477 301	486 245	495 935
Sum frie inntekter, avrunda, ekskl. eigedomsskatt	798 900	843 400	855 300	866 800	879 800
Eigedomsskatt	2950	4 950	4 950	4 950	4 950
Sum frie inntekter, avrunda inkl. eigedomsskatt	801850	848 350	860 250	871 750	884 750
Endring i dei frie inntektene (%)	8,9 %	5,83 %	1,40 %	1,34 %	1,49 %
Endring i dei frie inntektene (%) korrigert for eigedomsskatt	8,9 %	5,57 %	1,41 %	1,34 %	1,50 %

Ved berekning av frie inntekter i økonomiplanperioden er det lagt til grunn ein realvekst på 1,6 % i året, befolkningsendring i samsvar med folketalsframskriving for kommunen samt dei endringane i rammetilskot som skuldast omlegging av inntektssystemet.

3.2.2 Skjønsmidler

Fylkesmannen har tildelt kommunen 1,9 mill kr i skjønsmidler for 2012, dette er kr 600 000 meir enn i fjor. Av dette er 0,7 mill kompensasjon fordi me er ein kommune med lågt nivå på frie inntekter samstundes som me ikkje får regionalpolitiske tilskot. Fylkesmannen grunnjev tildelinga slik:

”Kommunen er eit regionsenter for Sunnhordland med stor pendling til kommunen av skuleelevar / studentar og arbeidarar i industriverksemdene. Kommunen har relativt høge utgifter innafor sosialomsorg og rus samanlikna med andre kommunar.

Kommunen blei i fjor registrert i ROBEEK - registeret. Kommunen hadde ved utgangen av 2011 akkumulert meirforbruk. Det vil vere ei stor utfordring å dekkja dette inn dei neste åra.

Kommunen har frå og med 2012 innført eigedomsskatt på verk og bruk (2 promille), men ikkje på andre faste eigedomar.

Det blir gitt auka kompensasjon for inntektssvake kommunar, kr. 700.000,-.”

3.2.3 Momskompensasjon

Momskompensasjonsordninga vart innført frå og med 2004. Kommunen får refundert moms på kjøp av varer og tenester. Føremålet med innføring av ordninga var å likestillja eigenproduksjon med privat produksjon av varer og tenester.

Frå 2010 vart ordninga med at kommunane kan nytta investeringsmoms til drift oppheva. Det er laga overgangsreglar som tilseier inntektsføring av investeringsmoms i driftsrekneskapen for åra 2010-2014. 80% av investeringsmomsen skal nyttast til å finansiera investeringar i 2013. Frå 2014 skal all investeringsmoms som kommunen mottek nyttast til å finansiera investeringane.

I berekninga av momskompensasjon for investeringar er kommunen sitt investeringsnivå i økonomiplanen lagt til grunn. Kommunen etablerte i 2009 Stord kommunale eigedom KF som vil stå for gjennomføring av mesteparten av investeringane. Momskompensasjonen vert budsjettert og overført til investeringsrekneskapen i føretaket. Tabellen under viser momskompensasjon og overføring til investering for den delen som vert bokført i Stord kommune sin rekneskap.

1000. kr	2013	2014	2015	2016
Momskompensasjon drift	10 700	10 700	10 700	10 700
Momskompensasjon investering	3 576	1 855	1 855	1 855
Sum momskompensasjon	14 276	12 555	12 555	12 555
Avsett til investeringar	2 860	1 855	1 855	1 855
% av kompensasjon investeringsmoms avsett til investering	80%	100%	100%	100%

Tilsvarende for Stord kommunale eidegom KF:

1000. kr	2013	2014	2015	2016
Momskompensasjon drift	4 127	4 127	4 127	4 127
Momskompensasjon investering	7 692	17 180	9 680	38 640
Sum momskompensasjon	11 819	21 307	21 307	21 307
Avsett til investeringar	6 154	17 180	9 680	38 640
% av kompensasjon investeringsmoms avsett til investering	80%	100%	100%	100%

3.2.4 Asylmottak, mottak flyktningar

Kommunen mottok årleg 1,4 mill kr i tilskot for at det er asylmottak i kommunen. Denne inntekta skal dekkja dei meirutgifter som kommunen har grunna dette.

Kommunen har budsjettert med eit integreringstilskot på 8,075 mill kr kvart år i økonomiplanperioden. Ved busetting av flyktningar mottok kommunen 598 000 kr for kvar vaksen flyktning som vert busett, kr 651 000 for einsleg vaksen og 576000 for born. Integreringstilskotet vert utbetalt over 5 år. Kommunestyret har vedteke å ta imot 10 flyktningar kvart år. I tillegg kjem familiesameining. Det er lagt til grunn same nivå på mottak i 2013 som for 2011 og 2012.

3.2.5 Ressurskrevjande tenestemottakarar

Ordninga med statstilskot til ressurskrevjande tenestemottakarar vert vidareført i statsbudsjettet. Kommunen får dekkja 80% av direkte lønnsutgifter av tenestene som vert ytt til ressurskrevjande brukarar under 67 år som overstig innslagspunktet. For 2012 er innslagspunktet sett til kr 975 000 pr brukar. Dette er auka med 4% til 1 014 000 i forslag til budsjett. Kommunen vil ha 33 brukarar i 2013 som samla vil gje eit tilskot på 30,9 mill kr. Nivået på tilskotet er vidareført i økonomiplanperioden.

3.2.6 Rente og avdragskompensasjon

Kommunen får rentekompensasjon på skuleanlegg, husbanken antar at denne vert på kr 1,7 mill i 2013. Rente og avdragskompensasjon for omsorgsbustader og institusjonsplassar utgjer 3,3 mill kr i inntekt. Av dette er 2,3 mill kr for avdrag og 0,9 mill kr rente. Rehabilitering av kyrkjebygg gir rentekompensasjon med kr 0,18 mill kr i 2013. For skuleanlegg som vart utbygd som del av reform 97 reknar kommunen med å ta imot kr 0,9 mill i 2013. Samla rente- og avdragskompensasjon er budsjettert med 6,18 mill kr.

3.2.7 Lønsvest og pensjonskostnad

SSB legg opp til ein kommunal årslønsvest på 3,75 %. Denne er fylgt opp i budsjettframlegget, basert på eit overheng frå 2012 på 2,9 % og eit berekna datolønnsstillegg per 01.05.2013 på 1,31 % med heilårsverknad 0,85%. Det er forslag om å setja av kr 5,9 mill i lønsreserve i 2013. Berekna samla lønsvest i 2013 utgjer om lag 26,4 mill kr.

Statsbudsjettet legg opp til ein årslønsvest på 4 %. Ein vel likevel å nytta SSB sitt anslag, som også vart nytta for 2012 og så langt ser ut til å stemma med det som vert faktisk lønsvest i 2012.

Kommunen budsjetterer pensjonskostnader i samsvar med kommunaldepartementet sine reglar for pensjonsføring med 10 års avdragstid på premieavviket. Premieavvik opparbeida før 2012 vert amortisert over 15 år. Kommunen har motteke budsjettoppgåve frå KLP og Statens Pensjonskasse. Kommunen har eigenrisiko på AFP-ordninga. Pensjonsleverandørane har berekna premien for 2013 utifrå erfaringstal. Berekna pensjonspremie for sjukepleiarane i KLP-ordninga er budsjettert med brutto 15,29 %, for andre tilsette i KLP-ordninga 13,9 % av pensjonsgrunnlaget. Det er og budsjettert med ein reguleringspremie på kr 23,2 mill, noko som utgjer 3,5 % av premiereserven. Reguleringspremien utgjorde i 2012 5,7 %. Det inneber at pensjonskostnaden til KLP i 2013 vert 3,8 mill kr høgare enn i 2012. I tillegg kjem arbeidsgjevaravgift. Hovudårsaka til premieauken er redusert grunnlagsrente frå finanstilsynet, forventningar til løns- og trygdeoppgjering i 2013 og forventa lågare tilbakeført overskot for kommande år enn i 2012. Dei tilsette dekkjer 2% av pensjonsgrunnlaget.

Statens pensjonskasse (SPK) har varsla om ein premie på 13,31 % inklusiv tilsette sin 2 % del. Dette er ein auke i premien på 0,07 %. Dette gir ein auke i pensjonskostnaden til SPK på 0,2 mill kr.

Premieavviket for 2013 er på 12,4 mill kr, i tillegg kjem 1,75 mill kr i arbeidsgjevaravgift. Dette vert ført til inntekt i budsjettet for 2013 og amortisert (utgiftsført) over 10 år frå og med 2014, saman med premieavvik frå tidlegare år. Høg lønsvekst og låge renter har over tid bidrege til auka pensjonskostnader.

1000 kr	Sum 2012	KLP 2013	SPK 2013	Sum 2013	Endring i høve til 2012
Premie (pensjonsutgift)	80 216	61 399	17 697	79 096	-1 120
Berekna pensjonskostnad	67 227	52 106	18 951	71 057	3 830
Premieavvik	15 659	13 989	-1 495	12 494	-3 165
Amortisering av tidlegare premieavvik	2 670	4 696	-241	4 455	1 785

Utgifta (premien) er det me vert fakturert frå pensjonsleverandøren og utgjer ein likviditetsmessig belastning.

Kostnaden er det som vert bokført i rekneskapen, og påverkar årsresultatet.

Premieavviket er ein komponent av desse to elementa, og reduserer utgifta frå 79,0 mill til 71,0 mill kr i kostnad.

3.3 Eigedomsskatt

Stord kommune innførte eigedomsskatt på verk bruk i skatteåret 2012 og på annan næringsseigedom frå 2013. I budsjettframlegget er det budsjettert med skatteinntekter på henholdsvis 2,95 og 2 mill kr, samla 4,95 mill kr. Det er i 2013 lagt inn 0,4 av stipulert 0,9 mill i kostnader med innføring av eigedomsskatt på næringsseigedom.

Rådmannen gjorde i samband med budsjettrevisjon for første tertial 2012 framlegg om å førebu innføring av full eigedomsskatt frå 2013. Framlegget vart røysta ned og rådmannen forhold seg til dette i budsjettframlegget. Det ligg ikkje inne framlegg om å innføra eigedomsskatt på bustader og fritidseigedomar i Stord kommune. Rådmannen har likevel same oppfatning av dette spørsmålet som i budsjettframlegget for 2012:

”Rådmannen meiner dette (eigedomsskatt på alle faste eigedomar) er ein føresetnad for å vidareføra drifta av Stord kommune på dagens nivå og samstundes iverksetta vedtekne nye tiltak og realisera det investeringsprogrammet som ligg i gjeldande økonomiplan. (...) I tillegg lyt kommunen utan eigedomsskatt leggja til grunn eit lengre perspektiv på å koma seg ut av ROBEK-lista.”

Rådmannen stipulerer bruttoinntekta av eigedomsskatt på bustader og fritidseigedomar til 14,5 mill kr i året. Innføringskostnadene ved innføring i 2013 er berekna til 5 mill kr. I statsbudsjett er det framlegg om at kommunane frå 2014 skal ha høve til å nytta formuesgrunnlaget ved eigedomsskattetaksering av bustad. Det er ikkje kostnadsrekna kva innføring av eigedomsskatt etter denne ordninga vil kosta. Det er knapt med tid desom ein eventuelt vil inføra eigedomsskatt frå 2013, jf. budsjettrevisjon for 2. tertial 2012.

4. Målstyring

Kommunen sine overordna målsettingar og delmålsetjingar for perioden 2013-2016 ligg i kommuneplanen for 2010-2021. Kommunen skal i planperioden stimulera til at visjonen om å vera saman om utvikling og velferd vert realisert, ved å følgje opp målsetjingane innanfor desse områda:

- Byutvikling, senterstruktur og samferdsle
- Miljø, estetikk og trivsel
- Arbeid og næringsliv
- Oppvekst
- Rehabilitering, helse og omsorg
- Areal

Rådmannen gjer framlegg om at det frå og med 2013 vert nytta eit målstyringssystem som tek utgangspunkt i Kommunebarometeret. Barometeret er utarbeida av Kommunal Rapport og tek i tillegg til KOSTRA-tal utgangspunkt i data frå Utdanningsdirektoratet, Helsedirektoratet og kommunaldepartementet (kommuneproposisjonen). Med utgangspunkt i desse vurderer og rangerer Kommunebarometeret kommunane. "Karakterboka" til Stord er eit stykke under middels ifølgje Kommunebarometeret; det er ingen viktige sektorar som løftar kommunen. Mellom anna økonomi trekk kraftig ned, og det er svakare plassering for grunnskule no enn for eit år sidan. Innafor barnevern

og barnehage har kommunen betre plassering, og justert for si låge korrigerte inntekt blir det ein plass like under midten av tabellen.

Bakgrunnen for å venge denne målemetoden er først og fremst at dette er sentrale parameter knytt til tenesteyting som kommunen årleg vert målt på og vurdert i høve til andre kommunar. Det er og av betydning at dette er data som vert produsert årleg og som såleis gjer det mogeleg å måla resultat og utvikling.

Det er sett opp målekart i tilknytning til kommentarane for dei ulike sektorane. Det er ikkje relevante data for alle tenesteområda i kommunen. Der Kostra er nytta i målekartet er det gjort ei samanlikning med resultatata for 2011 både for kommunen, landet og kommunegruppa (altså dei kommunane som er mest like oss i folketal og inntekt).

4.1 Overordna målekart for Stord kommune

Målemetodane som er lagt til grunn i det overordna målekartet er i hovudsak basert på brukar- og medarbeidarundersøkingar som er utarbeidd av www.bedrekommune.no. Undersøkingane gjev eit bilete av kva brukarane meiner om tenestene og om vi må justere målsetnadene våre. Undersøkinga gjev også eit bilete av kva arbeidstakarane meiner om organisasjonen og om det er grunnlag for å justera målsetjingane for vår interne satsingsområde. Måleskalan hjå bedrekommune.no, er frå 1-6, der 6 er best. I 2010 vart det utført brukarundersøking innanfor tre tenesteområde: i barnehagane, blant utviklingshemma (brukarrepresentantar) og innanfor institusjon (pårørande). I 2012 er det gjennomført brukarundersøking av to tenesteområder: bibliotek og psykisk helse (brukarar over 18 år). Det er desse undersøkingane som er referert til under ”status 20011/12” i målekartet.

Når det gjeld vurdering av kvalitet på nettsidene våre, er målemetoden som er lagt til grunn i målekartet basert på Direktoratet for forvaltning og IKT si undersøking av kvalitet på nettsidene i offentleg sektor. Resultata og kriteria for undersøkinga er å finne www.noreg.no. Skalaen på resultatet er 1-6, kor 6 er best resultat.

Sidan det kan vera samanheng mellom medarbeidarane sin tilfredsheit og kvalitet på tenestene er det viktig å kartlegge denne systematisk. Eit sentralt mål med kartlegginga er å skape grunnlag for forbetring ved den enkelte organisatoriske eining. For å få til dette må registrering skje på einingsnivå. Medarbeidartilfredsheit vert kartlagt anna kvart år og skal gjennomførast i 2013.

MÅLEKART	2013	2012 Snitt Stord	2011 Snitt Stord	2011 Lands snitt
BRUKAR (I skala frå 1-6, er 6 best)	MÅL			
Brukarane er nøgd med samarbeid og brukarmedverknaden	>3,75	3,75	3,23	3,20
Brukarane og brukarrepresentantar opplever å bli møtt med respekt	>4,40	4,40	4,07	4,00
Brukarane er nøgd med tilgjenge på tenestene	>4,05	4,05	3,90	3,97
Brukaren er nøgd med tilgangen på informasjon om innhaldet i tenestene	>3,70	3,70	3,67	3,63
Brukaren er nøgd med den totale kvaliteten på tenestene	>3,95	3,95	3,70	3,73
Direktorat for forvaltning og IKT er nøgd med den totale kvaliteten på nettstaden i kommunen	6	6	5	4
MEDARBEIDARAR (I skala frå 1-6, er 6 best)				
Medarbeidaren er nøgd med arbeidssituasjonen sin	>4,7		4,50	4,50
Medarbeidarane bidreg aktivt til å nå verksemda sine mål	>4,80		4,80	4,90
Medarbeidarane opplever å ha naudsynt kompetanse til å utføre sine arbeidsoppgåver	>4,80		4,80	4,80
Medarbeidarane løyser felles arbeidsoppgåver på sin arbeidsplass på ein god måte	>4,80		4,80	4,80
Medarbeidarane opplever at næraste leiar gjev deg tilstrekkeleg attendemelding på den jobben han gjer	>4,20		4,10	4,20
Medarbeidarane er nøgde med arbeidsgjevar si tilrettelegging for relevant kompetanseutvikling	>3,75		3,70	4,10
Sjukefråvær %	7,50	9,51(1.h.år)	9,36	
Økonomi, maksimum avvik i høve vedtekne budsjetttrammer	0,5 %	-0,1 %	-1,2 %	
Kommunebarometeret, rangering blant landets kommunar	>272	272	256	

5. Budsjettområda, drift og investeringar

Samla inntektsramme for driftsbudsjettet for 2013 er 1,150 mrd kr. Driftsbudsjettet er med utgangspunkt i rammene frå revidert budsjett 2012 redusert for dei fleste sektorane. I budsjettforslaget er som hovudregel berre kommentert endringar i høve gjeldande økonomiplan.

Framlegg til investeringsbudsjett for økonomiplanperioden 2013-2016 byggjer på den vedtekne økonomiplanen for 2012-2015 og sektorplanar. Alle investeringssummar med unntak for avgiftsområda er budsjettert med bruttotal (inkl. meirverdiavgift). Oversikta viser samla investering i kommunen og dei to kommunale føretaka. Oversikt over investering splitta på kommune og føretak finn ein i vedlegg til budsjettdokumentet.

Framlegg til samla investeringar pr. tenesteområde					
1000 kr	2013	2014	2015	2016	2013-16
Administrasjon og fellesfunksjonar	14 471	13 368	13 368	13 368	54 574
Bustad/næring/utbygging/grunnkjøp	7 000	1 000	1 000	1 000	10 000
Skule og barnehage	4 514	14 588	10 288	98 138	127 527
Helse og sosial	21 568	58 875	16 875	89 875	187 193
Kyrkje	6 860	1 500	9 000	0	17 360
Kultur, idrett	10 719	6 900	9 400	3 400	30 419
Brann, veg og grønt, teknisk	3 568	3 400	3 400	3 400	13 768
Stord hamn	4 580	630			5 210
Vassverk	43 220	56 803	46 450	41 244	187 717
Avlaup	38 721	69 507	146 400	198 150	452 778
Samla investering	155 221	226 571	256 180	448 574	1 085 547

Samla finansiering, investeringsbudsjett					
1000 kr	2013	2014	2015	2016	2013-16
Overføring frå drift/momskompensasjon	9 014	19 035	11 535	50 695	90 279
Statlege overføringar	700				700
Sal av eigedom/bruk av fond	8 400	44 000			52 400
Sum eigenfin. /tilskot	18 114	63 035	11 535	50 695	143 379
Låneopptak finansiert over drift	50 587	36 595	51 795	158 485	297 463
Lån finansiert med inntekter (Stord hamn)	4 580	630			5 210
Sum lån ikkje sjølvfinansierande investeringar	50 587	36 595	51 795	158 485	297 463
Låneopptak avgiftsområdet	81 940	126 311	192 850	239 394	085 547
Samla finansiering	155 221	226 571	256 180	448 574	1 081 337

5.1 Formannskapet

5.1.1 Politisk

Utgifter til politisk arbeid er vidareført på 2012-nivå. Det er sett av kr 200 000 til disposisjon for formannskapet. Det er lagt inn ei løyving til kontrollutvalet på 833 000, mot kr 769 000 i 2012. Kontrollutvalet har i sitt budsjettforslag lagt inn ei ramme på kr 975 600.

Det vart i 2011 og 2012 sett av til saman 1,5 mill. til oppgradering av kommunestyresalen med m.a. møbler, dataanlegg og elektrisk anlegg. Etter forslag frå Stord kommunale eigedom KF er det lagt inn 0,9 mill kr i 2013 til ferdigstilling av prosjektet.

5.1.2 Administrasjon, fellesutgifter

Driftsbudsjettet er redusert med eitt årsverk i sekretariatet. Det er lagt inn 0,3 mill kr til oppfølging av Planstrategi for Stord kommune. Det er gjennomført eit flatt kutt på 0,5 mill kr innanfor sentraladministrasjon og stab/støtte for å styrka budsjettbalansen.

5.1.3 IKT

Støtteeining IKT driftar IKT-tenestene i kommunen, og har særleg ansvar for å vurdere korleis ein møter den teknologiske utviklinga og korleis ein best nyttar den digitale teknologien. IKT-eininga samarbeider med andre kommunar om interkommunale løysingar. Deriblant om drift av løn, rekneskap og økonomisystemet Agresso. Budsjettet for eininga er vidareført på nivå revidert 2012.

IKT-eininga har også ansvar for å drifte grunnskulane sine nettverk og maskinvare. Stord kommune leaser 950 datamaskinar til elevane, i tillegg har kvar lærar sin eigen berbar datamaskin.

I Heimebaserte Tenester har ein teke i bruk 60 handhaldne terminalar (PDA) for ei berbar utgåve av fagsystemet Visma Omsorg Profil. Desse vert nytta til dokumentasjon og effektivisering av administrative rutinar som t.d. køyrelister og brukardata m.m. Viktige oppgåver frametter vert mellom anna innføring av e-handel, utnytte potensiale i allereie innkjøpte løysingar og overgang til fullelektroniske politiske møte. På investeringsbudsjettet ligg inne nye berbare datamaskinar til lærarane (1,7 mill kr).

5.1.4 Kyrkja, kyrkjegardar

Det er sett av 1 mill kvart av åra 2013 og 2014 inklusiv momskompensasjon til vidare rehabilitering av Stord kyrkje. Løyvinga skal m.a. nyttast til vedlikehald/måling av kyrkjebenker, veggjar i begge sakristi, utbetring av rullestolinnang og rampe.

Kommunestyret godkjende 17.2.2011 sak 4/11 utbygging av ny gravplass i Frugarden. Reguleringsplanen viser om lag 2010 nye kistegraver, av desse 50 plassar i eit eige gravfelt for muslimar, og ca. 235 urnegraver. I minnelunden er det rekna plass til 690 urner. Gravferdslova seier at kommunen skal ha ledige graver til ei kvar tid tilsvarande minimum 3% av kommunen sine innbyggjarar. For Stord kommune vil dette innebera rundt 550 graver. Økonomiplanen legg opp til ferdigstilling av gravplassen i 2013. Kommunestyret har sett rekkjefølgjekrav slik at ein berre kan ta i bruk inntil 500 gravar før prosesjonsveg er ferdig opparbeidd. Budsjettframlegget legg opp til oppstart av reguleringsarbeid i 2013 og ferdigstilling med ei samla løyving i perioden på 4,7 mill kr.

Ved Nysæter gravplass er det om lag 70 ledige gravar også behov for utviding. Budsjettframlegget legg opp til prosjektering i 2014 og utbygging i 2015, med ei samla løyving på 6,5 mill kr. Det er lagt inn 0,5 mill inklusiv momskompensasjon til utbetring av taklekkasje og lydemping i Nysæter kyrkje.

Det er sett av 0,25 mill kr inklusiv momskompensasjon til anlegging av kjølerom for kister i bårhuset bak Stord kyrkje. Kommunen har i dag ikkje slikt anlegg og behovet er aukande, både som følge av auka tal gravferder og at ny gravferdslov tillet at det går ti virkedagar frå dødsfall til gravferd må finna stad.

Rammetilskotet til Kyrkjeleg fellestråd er auka med 3,3 %. Det er i tillegg teke høgde for at fellestrådet skal forvalta tilskot til etterletne som vel kremasjon innanfor eigne budsjetttrammer. Stord kommunestyre innførte i desember 2008 ei ordning med eit tilskot på kr 5 000 til etterletne som vel kremasjon. Siktemålet var å få auke i bruken av urnegraver. Stord kyrkjelege fellestråd administrerer ordninga, og har ansvar for at den vert gjort godt kjent.

5.2 Driftsstyret

Driftsstyret sitt ansvarsområde er i hovudsak organisasjons- og administrasjonsspørsmål. Administrativ organisering og intern drift, særleg sjukefråvær, har hatt fokus i seinare år. I 2012 har ein til no sett ein nedgang til 8,8% i sjukefråvær i høve 9,6 % i 2011. Målsettinga er 7,5 % for det samla sjukefråværet. Rådmannen har i budsjettforslaget også sett måltalet for 2013 til 7,5%.

Det er sendt søknad til kommunal og regionaldepartementet om deltaking i prosjektet *Saman om ein betre kommune*. Eit hovudmål for prosjektet er nasjonal fornying og systematisering av kunnskap frå lokale prosjekt som kan spreia til andre norske kommunar. Tema vil vera nærvere/reduert sjukefråvær og rekruttering/omdøme. Prosjektet vil eventuelt ha ei årleg budsjetttramme på 0,6 mill, der 50% vil bli finansiert av departementet.

Fellespotten for kurs og utdanning er i budsjettforslaget vidareført med kr 244 000. Samla løyving til føremålet ligg på rundt 2,5 mill kr, i underkant av kr 2 500 per årsverk. Nivået på inntak av lærlingar i 2013 vert ført vidare med 14. Avtalen med Opplæringskontoret er sagt opp med verknad frå 31.12.11 og kontoret er avvika. Oppgåvene med lærlingverksemda vart overført til kommuneadministrasjonen.

Kommunestyret har i økonomiplanen for åra 2013-2015 lagt inn ei årleg innsparing på 4,25 mill kr på 'stillingsgruppa'. Stillingsgruppa var i utgangspunktet eit partssamansett administrativ utval som skulle vurdere alle stillingar som vert ledige før dei eventuelt vert lyst ut for nyttilsetjing. I samband med at kommunestyret auka innsparingskravet sette formannskapet ned eit ad hoc utval med slikt mandat:

”Gruppa skal vurdere tiltak med sikte på å nå målsetjinga om ei innsparing på 2,9 mill i 2012 (4,25¹ mill årleg 2013-2015) ”Stillingsgruppa”. Gruppa sitt arbeid skal leggast fram for formannskapet innan mars 2012.

Formannskapet legg til grunn at stillingsgruppa held fram arbeidet.”

Oppgåvene til ad hoc utvalet vart seinare av Driftsstyret overført til LOS-utvalet. Rådmannen har i budsjettframlegget redusert innsparingskravet til den administrative stillingsgruppa med 1 mill kr til 1,5 mill. Det ligg i samsvar med økonomiplanen inne eit årleg innsparingskrav i perioden på LOS-utvalet på kr 2,25 mill kr.

5.3 Komité for oppvekst og utdanning

Barn og ungdom sine oppvekstvilkår er avhengig av langsiktige kommunale prioriteringar og god samordning av tenester og tilbod. For å sikre eit inkluderande oppvekstmiljø er det ein føresetnad med

¹ Korrekt sum i h.h.t. budsjettet er 4,75 mill kr.

god samordning av tenester og tilbod knytt til barn, unge og deira familiar. Fokus på vaksenrolla og den vaksne sin kompetanse er særst viktig med tanke på barns utvikling og læring.

Kommunen har ansvar å fylgja nøye med i dei forhold barn og unge lever under, førebyggja og fremja god fysisk og psykisk helse. Dersom ein skal nå barn som har særlege behov for tenester er det naudsynt med eit bredt tverrfaglig samarbeid. Førstelinjetenesta må vera i stand til å ta ansvar for tidleg identifisering, kartlegging og vurdering av barn og unge sine vanskar og hjelpebehov.

Stord kommune har i 2012 fått midlar til eit prosjekt Betre tidleg innsats (BTI). Ein vil gjennom dette prosjektet sjå på korleis ein kan løysa oppgåvene på ein meir samordna og heilskapleg måte til beste for brukarane.

Førebyggjande tenester som er organisert i Eining for sosial og førebyggjande tenester, er omtala under kapittel 5.5.

5.3.1 Skule, SFO

GRUNNSKULE MÅLEKART	Mål		Resultat	
	2013	2012	2011	Fylket
Gjennomsnittlege grunnskulepoeng	>39,6	39,6	38,5	40,7
Snitt nasjonale prøvar lesing 5. trinn (I skala frå 1-3, er 3 best)	>2,0	2,0	1,9	2,0
Snitt nasjonale prøvar lesing 8. trinn (I skala frå 1-3, er 3 best)	>2,9	2,9	2,9	3,1
Snitt nasjonale prøvar lesing 9. trinn (I skala frå 1-3, er 3 best)	>2,9	3,4	3,1	3,5
Læringsmiljø: Meistring 7. trinn (I skala frå 1-5, er 5 best)	>3,9	3,9	3,8	3,9
Læringsmiljø: Meistring 10. trinn (I skala frå 1-5, er 5 best)	>3,8	3,8	3,7	3,8
Læringsmiljø: Fagleg rettleiing 7. trinn (I skala frå 1-5, er 5 best)	>3,5	3,3	3,5	3,4
Læringsmiljø: Fagleg rettleiing 10. trinn (I skala frå 1-5, er 5 best)	>3	2,8	3,1	3,1
Læringsmiljø: Mobbing 7. trinn (I skala frå 1-5, er 5 best)	>1,4	1,4	1,3	1,4
Læringsmiljø: Mobbing 10. trinn (I skala frå 1-5, er 5 best)	>1,3	1,4	1,3	1,4
Læringsmiljø: Sosial trivsel 7. trinn (I skala frå 1-5, er 5 best)	>4,4	4,3	4,4	4,4
Læringsmiljø: Sosial trivsel 10. trinn (I skala frå 1-5, er 5 best)	>4,3	4,2	4,3	4,2
Læringsmiljø: Fysisk læringsmiljø 7. trinn (I skala frå 1-5, er 5 best)	>3,1	2,9	3,1	3,2
Læringsmiljø: Fysisk læringsmiljø 10. trinn (I skala frå 1-5, er 5 best)	>2,6	2,4	2,7	2,6

*Skuleporten har berre tal for 2010 Overgang frå grunnskule til vidaregåande opplæring (prosent).

Gjennomsnittlege grunnskulepoeng syner framgang frå 2011, men me ligg noko under samanliknbare kommunar og landssnittet. Mål for 2013 er ytterlegare framgang.

Nasjonale prøvar for 5. steget syner gode resultat i lesing og rekning, medan me har ei negativ utvikling i resultatet i engelsk. Resultata for 8. steget syner negativ utvikling i høve tidlegare år, bortsett frå lesing som viser same resultat som året før. Me har berre målingar for lesing og rekning for 9. steget, og desse syner ei positiv utvikling. Mål for 2013 er betring i resultat på nasjonale prøvar.

Elevundersøkinga viser framgang i oppleving av meistring og motivasjon medan sosial trivsel, fysisk læringsmiljø, mobbing i skulen og fagleg rettleiing viser noko tilbakegang. Det er eit særskilt viktig mål for 2013 at ein kan vise framgang også i høve til desse områda. Elevdemokrati har same resultat som året før. Fysisk aktivitet i skulen, fokus på vurdering og bruk av anti-mobbeprogram vert følgt opp og i 2013. For å oppnå lokale målsettingar og sentrale føringar har ein fleire utviklingsprosjekt. I 2013 arbeider skulane vidare med desse:

- Vurdering for læring, ei 4. årig satsing i regi av Utdanningsdirektoratet som har som mål å vidareutvikla vurderingspraksisen til læraren og instruktøren gjennom auka kompetanse og forståing for vurdering som reiskap for læring. Stord kommune deltek med skulane Hystad, Tjødnalio, Langeland og Leirvik gjennom eit nettverksarbeid med FOS; Forum for oppvekst i Sunnhordland.
- Prosjektet "Tilpassa opplæring. Rutinar og utfordringar" har som mål at dei fleste elevane i Stord kommune får tilfredsstillande og tilpassa opplæring utan enkeltvedtak etter § 5-1 i opplæringslova. Tidleg innsats/ hjelp vert prioritert.
- "Lesedugleik i Stord kommune" er ferdig som prosjekt 31.12.13, men skulane vil framleis ha fokus på å auka lesedugleik hos elevane. Gjennom å auka lesedugleiken til elevane vil omfanget av lett til moderat omfang av spesialundervisning reduserast.
- Prosjektet "Språkmiljø og språklæring i barnehage og skule i Stord kommune" har som mål å laga ein plan for eit samanhengande og samordna arbeid med språk, språkutvikling, språkmiljø, språkbruk og språklæring i barnehagen og grunnskulen i Stord kommune. Barneskulane Tjødnalio og Rommetveit er med i dette prosjektet.
- Prosjektet «Fokus på fagtekst» startar opp hausten 2012. Dette er i samarbeid med Nynorsksenteret og tenkt som eit samanbindingsprosjekt av fleire tidlegare satsingar på lesing og skrivning i Stord. Prosjektet omfattar skulane Stord ungdomsskule, Nysæter ungdomsskule, Nordbygdo ungdomsskule, Rommetveit skule og Sagvåg skule.
- Prosjektet "Lovfesta tiltak for barn og unge med minoritetsspråkleg bakgrunn i barnehage og skule" skal kvalitetssikra tiltak til barn og unge med minoritetsspråkleg bakgrunn i samsvar med rettane deira i barnehage og skule.

Rådmannen har i sitt forslag til budsjett lagt inn ein elevressurs på kr 5.915 pr.elev. Dette er om lag vidareføring av revidert budsjett 2012, ikkje prisjustert. Rådmannen sitt forslag medfører og ei vidareføring av ordninga med innsparing på symjeundervisning for hausten 2013, samt at ressursen til sosiallærer i barneskulen vert teken bort. Sosiallærer i barneskulen er ikkje lovpålagt og ved å ta bort denne vil ein i 2013 ha ei innsparing på 1,38 mill. Foreldrebetaling for SFO vil auka med 5% frå kr 2 615,- for ein full plass. Omfanget av spesialundervisning er i forslag til budsjett lagt inn med utgifter knytt til alle kjende vedtak pr. 31.09.2012. Her vil truleg bli endringar i løpet av året. Det ligg inne løyvingar til MOT.

Budsjettframlegget legg til grunn delingstal 28 på barnetrinnet og 30 på ungdomstrinnet. Ein har i år ikkje funne rom for å auka budsjettet etter vedtaket i komiteen om lågare delingstal. Det er lagt inn kr 67 500 til oppfølging av prosjektet «Ungt entreprenørskap» i regi av Atheno AS.

Formannskapet vedtok i ”RS 77/11 slikt oversendingsframlegg til rådmannen:

”Formannskapet viser til forprosjekt for Stord ungdomsskule. Det vert føresett at prosjektet held seg innan ei kostnadsramme på 100 mill (2010 kroner) som er stipulert for eit nybygg i prosjektrapport datert 26.08.2009. Dette skal vera totalkostnaden for prosjektet, og inkludere eventuelle midlertidige løysingar for elevmassen. Formannskapet ber om å få framlagt ein plan for det vidare arbeid av prosjektet der nødvendige beslutningspunkt for politisk medverknad er lagt inn. Formannskapet er opne for å drøfte alternative løysingar dersom dette er meir tenleg for å nå eit mål om hurtig framdrift og realisering av prosjektet.”

Rådmannen har i sitt forslag til budsjett ikkje funne rom for ny Stord ungdomsskule før i 2016. Ein vil derfor koma attende til oversendingsframlegget. Det er lagt inn midlar til planarbeid i 2015. Ein har i 2012 gjennomført 1. og 2. byggjesteg på Langeland skule. Ein vil etter at 1.og 2. byggjesteg er ferdig kunna seie opp leigeavtalen av brakkene og ein vil avhjelpa situasjonen fram til hausten 2014. Det er ikkje prioritert løyving til Hystad skule for oppgradering/ nye klasserom m.m., som erstatning for ”paviljongen”. Dette grunna elevtalsutvikling som syner redusert trong for paviljongen. I investeringsbudsjettet til utstyr er det teke med 0,5 mill til fordeling på skulane. Skulebruksplan og prinsipp for skulebygg er under utarbeiding.

5.3.2 Barnehagar

BARNEHAGE MÅLEKART	Mål	Resultat 2011		
	2013	Stord	Grp. 8	Landet
Andel styrarar og pedagogiske leiarar med godkjent førskulelæruddanning (%)	>95,0	100	86	85
Andel assistentar med relevant utdanning (%)	>30	30	25,6	25,1
Leike- og opphaldsareal per barn i komm.bhg (kvadratmeter)	4,8	4,8	5,6	5,5
Del tilsette som er menn (%)	>3,8	3,6	6,9	8,3
Del minoritetsspråklige born i barnehage av innvandrerborn 1-5 år	>67	66,9	70,1	69,4
Tal førskulebarn som får spesialpedagogisk hjelp etter opplæringslova §5-7	<20	20		

Tilsette i barnehagane på Stord har god kompetanse, noko ein vil ha som mål å vidareutvikla i 2013. Dette då ein veit at fokus på vaksenrolla og den vaksne sin kompetanse er særskilt viktig med tanke på barns utvikling og læring. Kommunen har difor som mål å erstatta assistentar som sluttar med fagarbeidarar, samt ha ein auke i andel styrarar og pedagogiske leiarar med godkjent førskulelæruddanning. Vidare ynskjer ein i 2013 å ha ein særleg fokus på språkplakaten samt redusere tal på førskulebarn som får spesialpedagogisk hjelp i barnehagen.

Barn som fyller eitt år innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass, har rett på barnehageplass i den kommunen dei er busett ved oppstart nytt barnehageår. Alle barn med rett til barnehageplass i 2011 og 2012 har fått slik plass. Stord kommune har 5 kommunale barnehagar og 19 private. Sæ barnehage startar opp i ny barnehage på Ås, noko som bidrar til ein auke på 20 nye plassar. Dette samstundes som Frie private familiebarnehage kjem til å redusere med 5 plassar.

Rådmannen vil i 2013 sjå på mulegheiten for å utarbeide kommunedelplan for barnehageområdet med gjennomgang av status/ tilstand i kommunale barnehagar, utarbeiding av kommunale føringar for barnehageutbygging, bemanningsfaktor, prinsipp for barnehageutbygging og oversikt over utsikter framover med omsyn til barnehageplassar (befolkningsprognose med særleg fokus på tal barn 0- 5 år). Vidare vil det verta utarbeidd treårig kompetanseplan for dei kommunale barnehagane, samt ein analyse av framtidig behov for arbeidskraft. Ein vil følgja dette opp i samband med kommunen sin planstrategi.

Barnehagane deltek i fleire viktige utviklingsprosjekt/ satsingsområde som støttar sentrale og lokale mål. Eksempel på dette er prosjekt «Betre Tverrfagleg Innsats» (BTI) og prosjekt «Friluftsliv for førskulebarn». I 2013 planperioden vil barnehagane arbeide vidare med desse satsingsområda.

Stord kommune har på grunn av tidlegare innsparingar, hatt ein reduksjon i bemanningsnorm i dei kommunale barnehagane. Ny lovgjevnad for barnehagane, NOU 2012:1 Til barnas beste, går inn for ei sentral bemanningsnorm i barnehagane. Vedtak i OOU komiteen 02.05.2012 støttar ei slik sentral bemanningsnorm. Den sentrale bemanningsnorma er høgare enn den kommunen har i dag. Rådmannen har i sitt forslag til budsjett ikkje funne rom for å auka bemanningsnorma. Rådmannen vil vurdere om det er mogeleg å stenge barnehagane i 2-4 veker om sommaren, samt endring av vedtektene slik at alle barn må ha 3 veker samanhengande ferie i løpet av 20. juni – 20. august. Dette for å bidra til ein betra bemanningssituasjon elles i året. Barnehagane har stramme rammer og ikkje rom for vikarbudsjett.

Barnehagane har fått ei merkbar auke i tal barn under tre år. Denne auken har mellom anna ført til større pleietyngde i barnehagen. Barnehagane søker difor kommunen kvart halvår om midlar til barn med nedsett funksjonsevne. Kommunen har plikt til å tildela midlar til barn med nedsett funksjonsevne og det er lagt inn midlar i budsjettet til dette.

Kommunen skal yte tilskot til ordinær drift av alle godkjente ikkje-kommunale barnehagar i kommunen. I Statsbudsjettet legg ein opp til ein auke av minimumstilskotet frå 92 pst. til 94 pst frå hausten 2013. Tilskot til barnehagedrift er lagt i det kommunale rammetilskotet og skal reknast ut i frå gjennomsnittlige budsjetterte driftskostnader per heiltidsplass i tilsvarande kommunale barnehagar. Det retningsgivande er at utrekning av satsane skal gjerast ut frå gjennomsnittlege budsjetterte kostnader, og reelle kostnader må leggjast til grunn ved utrekning av satsane. Kommune har i budsjettet for 2013 lagt inn kr. 101,0 mill i tilskot til private barnehagar.

I investeringsbudsjettet til utstyr er det teke med 0,3 mill kr per år i økonomiplanperioden til fordeling på barnehagane. Post for miljøstasjonar/ vognskur er justert opp til 0,5 mill. Det har vore ein aukande trong for eigen skjerma stad for å sova ute under tak og for oppbevaring av vogner. I to av barnehagane har ein no bygd vognskur, ein tredje vil få i løpet av 2012 og dei to neste i 2013/14.

5.3.3 Kulturskulen

KULTURSKULEN MÅLEKART	Mål	Resultat 2011		
	2013	Stord	Grp. 8	Landet
Del på venteliste til musikk- og kulturskule	<4,2	4,2		
Del brukarar i grunnskulealder i kommunens musikk- og kulturskule, av tal born i alderen 6-15 år	>18,9	18,9	15,0	14,9

Stord kulturskule har som visjon å vera eit synleg og aktivt kunstfagleg ressurscenter for Stord kommune, og ein føregangsskule for kunstfagleg arbeid og utvikling i Sunnhordland. Ein tilbyr i dag kunst og kultur til stadig fleire, då både som deltakarar og som publikum. Pr. 01.10.12 hadde ein 918 elevplassar og 26 tilsette (15,5 årsverk). På same tida i 2011 hadde kulturskulen 710 elevplassar. Mål i 2013 er å ha eit allsidig tilbod som fleire kan frå mulegheit til å vera ein del av. Det er framleis ventelister, sjølv om dei har vorte redusert noko det siste året og målet vert å redusera ventelistene vidare. Auken i talet på elevplassar har dei siste åra skjedd utan at kommunen sin nettoutgift til kulturskuledrifta har auka. I rådmannen sitt forslag til budsjett for 2013 vert det ikkje lagt inn auke på kulturskulen sitt budsjett. Ein har auka betalingsatsen pr. plass med 5%. Blant nye tilbod i 2012 som fortset i 2013 er:

- Parkour, Stord kulturskule er den første kulturskulen i landet som har innført dette tilbodet. Tilbodet kan utvidast utan auke i netto utgift. Utfordringa er å få tak i ledige høvande undervisningslokale. Pr. i dag er undervisninga på Leirvik og Langeland skular (gymsalar). Har i dag 68 elevar på dette tilbodet.
- Klassisk ballett for elevar frå 3 til 5 år. Tidlegare har lågaste alder vore 6 år.
- Storgruppeundervisning i ukulele. Tilbodet kan utvidast utan auke i netto utgift. Har i dag 3 grupper.
- Ny gruppe i drama/ teater.

Stord kulturskule er som ein av 19 kulturskular nominert som kandidat til å vera fyrtårnkulturskule i Noreg dei komande to åra. Om kulturskulen når opp vert avklara i midten av oktober 2012.

Ei utfordring for kulturskulen er administrative og merkantile oppgåver. Slik ein er organisert i dag har ein person (rektor) eineansvar for desse oppgåvene. Andre kulturskular av same storleiken ville hatt to heile stillingar knytt til desse oppgåvene. Ein vil koma tilbake til dette.

Kulturskulen har i 2012 fått tilskot til bygging av musikkbingar og ein planlegg at desse vert sett opp i løpet av hausten. Drift av ”bingane” er lagt inn i budsjett for 2013. Kulturskulen har i dag eit svært godt danselokale i det gamle meieriet i Leirvik sentrum. Leigeavtalen er sagt opp, og det vert arbeidd med alternative lokale.

Rådmannen har i sitt forslag til budsjett lagt inn kr 0,4 mill til investering på kulturskulen i 2013. Dette skal mellom anna brukast til nye pc-ar til nokre av dei tilsette, ny stasjonær pc, PA-anlegg inkl. monitorar og mikrofonar, i.plugins/ softwarekomponentar og sofsynth

5.3.4 Barnevern

BARNEVERN MÅLEKART	Mål	Resultat 2011		
	2013	Stord	Grp. 8	Landet
Del undersøkingar m handsamingstid over 3 mnd	>19	19	22	25
Del undersøkingar m handsamingstid over 3 mnd, snitt siste fire år	>30	30	25	24
Del born med utarbeida plan	>69	69	82	81
Del born med utarbeida plan, snitt siste fire år	>66	66	70	73
Stillingar med fagutdanning, per barn 0-17 år	<2,3	2,3	3,0	3,3

Det er eit mål for barneverntenesta å stadig verta betre ift sakshandsamingstid og utarbeiding av planar. Dette samstundes som nøkkeltal for 2011 og 2012 viser auke i meldingar, undersøkingar og tiltak.

Barneverntenesta er med i prosjektet BTI og ynskjer å ha fokus på meir heilskaplege og samordna tenester/ tilbod for barn og unge.

Kapasiteten på barneverntenesta er auka i 2012 ved at Sunnhordland Interkommunale barnevernteneste (SIB) fekk 3 nye stillingar i 2010 og ytterlegare 1 ny stilling i 2011 finansiert med øyremerkte statsmidlar. Ein har ikkje fått noko signal om at det i 2013 vert endringar i fordeling av midlar på allereie fordelte stillingar. Stillingane kan verta indeksregulert. I statsbudsjettet for 2013 er det gitt høve til å søke om midlar til ytterlegare stillingar i barnevernet.

SIB vil i 2013 omfordele ressursane og prioritere auke på merkantilressurs. Tenesta har dei siste åra fått nytt fagsystem, og ein vil med å auka merkantilressursen i større grad kunne ta kontroll på utgifter knytt til tiltak. For å halde nede kostnadane på innkjøp av ekstern ekspertise, tilsette SIB personar med kompetanse på å setja i verk tiltak for å styrke omsorgskompetansen til familiane og dermed redusera talet på omsorgsovertakingar. Familierettleiarprosjektet går frå 2010 til 2013 og utgjer 2 årsverk, og kjem i tillegg til 22,5 faste årsverk i SIB.

Det vert arbeidd systematisk med å få god oversikt over barn på tiltak og å kostnadsrekna alle tiltak når dei vert sett i verk. Det same gjeld samarbeidet med det statlege barnevernet. Avtaler med BUFETAT legg grunnlag for større refusjonar for dei mest omsorgskrevjande barna. I rådmannen sitt budsjettforslag for 2013 er rammene til barnevernet redusert med kr. 1,0 mill. Dette vil ein løyse gjennom å redusere utgifter knytt til kvart enkelt tiltak samt i større grad gjennomføre tiltaka sjølv med egne tilsette.

SIB har framleis ikkje barnevernvakt utanom vanleg kontortid. Det vart vurdert oppretting av barnevernvakt i budsjettet for 2012. Stord sin del 54,9%, kostnad kr 250.000.- skulle finansierast innanfor ramma til barnevernet. I Rådmannen sitt budsjettforslag for 2013 har ein ikkje funne rom for barnevernvakt.

5.4 Komité for næring, miljø og kultur

5.4.1 Kultur og idrett

Kulturbudsjettet vert vidareført på om lag same nivå som for 2012. Følgjande kulturmidlar er lagt inn: 100.000 til song- og musikklag, 100.000 til idrettslag, 100.000 til allmenne lag og organisasjonar / barn og unge og 130.000 til underskotsgarantiar m.m. Kulturstipendet er lagt inn att med 50.000. Eininga har fleire faste tilskot på budsjettet. Tilskota til Sunnhordland museum (610.000) , frivilligsentralen (208.000) og friluftsrådet (237.420) er dei største. Frivilligsentralen søker i brev datert 06.09.2012 om å få auka sitt tilskot til 235.000.

Våren 2011 tok det treårige prosjektet Aktiv fritid til. Aktiv fritid er eit prosjekt som arbeider for inkludering og sosial deltaking etter en metode kalla Fritid med bistand. Metoden går ut på å hjelpa menneske med ulike bistandsbehov (rus og psykiske helse) inn i fritidsaktivitetar. Tilskotet til dette arbeidet har vore øymerkt med kr 0,550 mill, men er no innlemma i rammetilskotet for 2013. Hausten 2012 blei støttekontaktenesta overført til kulturtenester. Denne overføringa medfører ei volumauke i budsjettet med 5,2 mill. Den nye organiseringa har som mål å styrka kvaliteten i tenesta og er i tråd med nytt lovverk og Helsedirektoratet sine forslag og råd.

Utgiftene til drift av Kulturhuset er store, men av desse er 11.069.193 husleige, reinhaldsutgifter og straum. Kulturtenestene budsjetterer og desse utgiftene for Kulturskolen og Biblioteket.

Skulane Leirvik, Hystad og Langeland har skulebading i Kulturhuset. Dei betaler ikkje for dette.

På budsjettet til kulturtenester ligg kr 1.107.337 som er utgifter til husleige, reinhald og straum for Hagerupshuset og husleige for Turnhallen.

Det er sett av kr 11,0 mill i økonomiplanperioden til naudsynt vedlikehald/ombygging av Kulturhuset. Blant tiltaka er utskifting av lysarmatur, fuktsskade dørar, aggregat m.m. i samsvar med plan for oppgradering av bygget. I 2013 er Stord Kulturhus 35 år og Stord kommunale kino 75 år.

Det ligg inne 12 mill i investeringsmidlar til Vikahaugane i åra 2013-2015. Løyvinga til Stord Idrettspark AS er vidareført som i 2012. Auka løyving til Sip AS/Ske KF kr 400 000 ligg inne i budsjettet. Det vert fremja sak om fordeling av desse midlane i 2012.

Det ligg i perioden inne samla 1,6 mill kr til park/friluftareal, 2,1 mill til Prestagardsskogen helsesportsløype og 2 mill til ballplassar/nærmiljøanlegg.

5.4.2 Bibliotek

BIBLIOTEK	Mål	Resultat 2011		
	2013	Stord	Grp. 8	Landet
Netto utgift til bibliotek, per innbyggjar	200	181	243	259
Utlån alle medium frå folkebibliotek per innbyggjar	3	2,4	4,7	5
Besøk i folkebibliotek per innbyggjar	3	1,9	4,4	4,5

Med eit utlånstal og besøkstal på 3 pr. innbyggjar, når vi opp i eit årleg besøk på 54 000. Dette er eit

mål å strekkja seg mot. Årleg utlån kan registrerast eksakt, medan årleg besøk må basere seg på stikkprøveundersøking. Dette talet er ikkje eksakt.

Folkebiblioteket vil vidareføre aktiviteten i 2013 på om lag same nivå som i 2012. Biblioteket har godt besøk når det vert teke omsyn til opningstid og ressursar elles. I 2013 vil det likevel bli gjort målretta tiltak for auke i utlån og besøk, mellom anna i samarbeid med dei andre Sunnhordlandsbiblioteka. Arrangement vil og vera eit prioritert område neste år. Her vil samarbeid med lag og organisasjonar vera viktig. Biblioteket vidarefører eit samarbeid med Nordbygdo ungdomsskule om eit utlånstilbod for barn og ungdom i skulen sitt bibliotek. Det er lagt inn kr 0,355 mill i 2013 til fornying av datautstyr og anna.

5.4.3 Brann, redning og feiing

Budsjettet for ansvarsområde brann, redning og feiing legg opp til om lag same driftsnivå som i 2012. Det er fortsatt ein usikkerhetsfaktor at ein er avhengig av inntekter frå utleige av personell. Det ligg inne kr 0,5 mill kvart år til fornying og vedlikehald av utstyr i planperioden. Rådmannen har ikkje funne rom for å legge inn midlar til ny brann- og redningsbil i Sagvåg i perioden, noko som er eit ønske frå eininga. Hausten 2012 vart det lagt fram ein ny risiko og sårbarhetsanalyse for brann og redningstenesta i Stord kommune. Rådmannen vil arbeide vidare med analysen og meiner ein må sjå på organisering og lokalisering av brannberedskapen parallelt med prosessane som går omkring ev interkommunalt samarbeid. Det er i 2013 sett av kr 0,1 mill til å lage eit forstudie knytt til dette neste år. Feieavgifta er auka med 5%, noko som skal dekkja auka kostnader neste år.

5.4.4 Beredskap

Kommunane må vera i stand til å halda oppe viktige samfunnsfunksjonar og ta vare på folk sine liv og grunnleggjande behov under ulike former for påkjenning. Kommunen er pålagt generell beredskapsplikt med krav om heilskapleg og samordna planlegging av denne. Stord kommune skal halda fram arbeidet med førebygging av kriser og svikt i viktige funksjonar, beredskap i einingane og effektiv handsaming av kriser. Det er gjort tenesteavtale mellom kommunane og Helseføretaket om samarbeid kring beredskapsplanar, planar for den akuttmedisinske kjeda og oppfølging av desse. Det er lagt inn kr 0,4 mill frå 2014 og kvart år vidare i perioden til landsomfattande etablering av nytt naudnett. Den kommunale kostnaden til dette er ikkje avklara enno. Den overordna Risiko og sårbarhetsanalysen (ROS) for Stord kommune skal reviderast i 2013 og det er sett av kr 0,4 mill til dette arbeidet. Ein tek som tidlegare sikte på å invitere Fitjar kommune med i dette arbeidet. Det ligg ikkje midlar i "beredskapsfondet".

5.4.5 Landbruk, miljø og næring

Stord-Fitjar landbruk- og miljøkontor er vidareført på same nivå som i 2012. Det er ikkje lagt inn auke i gebyr og betalingsattsar. Det er føreslege tilskot/driftsstøtte til næringsarbeid m.m. i 2013 slik:

- Atheno, prosjekt Ungt entreprenørskap,	kr 67 500
- Business Region Bergen, driftstilskot,	kr 116 875
- Hordaland olje og gass, driftstilskot,	kr 50 000
- Haukelivegen AS, driftstilskot,	kr 36 250
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland,	kr 402 100

Det er i tillegg lagt inn kr 216 000 til reiselivssatsinga i regi av Samarbeidsrådet for Sunnhordland, tilsvarande kr 12 per innbyggjar. Det er vidare lagt inn 0,5 mill kr til næringsføremål, til disposisjon for formannskapet.

5.4.6 Sunnhordland lufthamn AS

Kommunestyret vedtok følgjande i sak 24/12:

1. Kommunestyret vedtek å redusere kraftsalsfondet med kr 1 580 000 for å investere i/oppretthalde infrastrukturen i kommunen. For å trygga vidare drift av Sunnhordland lufthamn AS gjev Stord kommune selskapet eit eigenkapitaltilskot på kr 1 580 000.
2. Løpetida for lån til Sunnhordland Lufthamn AS gitt av kommunestyrt i sak 70/10 21.10.2011 vert auka frå 5 år og ut inneverande NTP perioden (2020).
3. Kommunestyret vedtek å skrive ned verdien på aksjane i Sunnhordland Lufthamn frå kr 11 956 000 til kr 1,-.
4. Det er eit vilkår for vidare støtte til Sunnhordland lufthamn AS at selskapet har fokus på kostnadskontroll og effektiv drift. Kommunestyret ber om at selskapet i samband med ev. seinare søknad rapporterer om korleis ein arbeider for å oppfylle dette vilkåret. Stord kommune ber om ein rapport i august kvart år. Denne må innehelda overslag over kva som må budsjetterast for komande år saman med økonomirapport.
5. Stord kommune ber styret i Sunnhordland Lufthamn AS jobbe mot å få Sunnhordland Lufthamn AS inn under Avinor.

I saka heitte det m.a.:

”Lufthamna signaliserer at dei vil ha årleg behov for tilførsel av kapital i storleik 0-3 mill kr, avhengig av trafikken over Sunnhordland lufthamn. Det betyr at Sunnhordland lufthamn AS langt på veg kan verta ein fast post på kommunen sitt driftsbudsjett. Rådmannen legg ikkje opp til å ta stilling til vidare driftsstøtte i denne saka, men meiner det er ei spørsmål ein bør ta opp ved rullering av budsjett og økonomiplan. Det vil vera naturleg at kommunen set av ein sum årleg på budsjettet om ein går inn for vidare støtte på dei vilkåra som no ligg føre.”

Lufthamna skriv i brev av 24.9.2012 at aksjekapitalen i selskapet er tapt ved utgangen av august 2012, og at for å sikra vidare drift lyt eigenkapitalen styrkast per 1.1.2013. ”Likviditetskrise fram til nyttår vert løyst gjennom ein midlertidig auke av kassakreditten i lufthamnselskapet sin bank.” Sunnhordland lufthamn AS søkjer om ei styrking av eigenkapitalen med 3 mill kr. Stord kommune sin del av dette er 2,37 mill kr (79%). Fylkesrådmannen har signalisert at fylkeskommunen vil følgja Stord kommune og ev. løyva dei resterande 21%. Fordelinga mellom kommune og fylke er i samsvar med aksjesitsen i selskapet.

Det vert foreslått eit eigenkapitaltilskot på kr 2,37 mill kr frå Stord kommune, finansiert over kraftsalsfondet. Løyvinga medfører ei redusert avkasting frå fondet på kr 80 000.

5.4.7 Regulering, byggjesak, oppmåling

REGULERING BYGGESAK OG OPPMÅLING	Mål	Resultat 2011		
	2013	Stord	Grp. 8	Landet
Sakshandsamingstid, reguleringsplanar (dagar)	240	210	-	-
Sakshandsamingstid, oppmålingsforretning (dagar)	70	65	59	66
Del søknad om tiltak der kom. har brote pålagt sakshands. tid(%)	0	8	3	6
Handsamingstid, eit-trinns søknader (dagar)	35	45	36	37
Handsamingstid, rammesøknader (dagar)	35			
Handsamingstid, enkle tiltak (dagar)	15	20	17	19

Sakshandsamings- og behandlingstidene er gjennomsnittstid for alle handsama saker målt i dagar. Andel byggesaker med overskriden frist er andelen i prosent av alle byggesaker med 12 vekers frist der sakshandsamingstida har vore lengre enn 12 veker. Her er det ingen tvil om at måлтаlet skal vera 0.

Handsamingstida for byggesaker, eitt-trinns søknader og rammesøknader er sett til 35 dagar/ 5 veker. Dette er godt innanfor fristen på 12 veker. Målet er at denne tida kan reduserast ytterlegare, men i 2013 vil 1 av 3 byggesakshandsamarar vera i permisjon første halvåret.

240 dagar/ ca. 8 mnd er forholdsvis kort tid for ein reguleringsplanprosess. 70 dagar for gjennomføring av ein oppmålingsforretning er godt innanfor fristen på 120 dagar/4 mnd. Målet er at denne tida kan reduserast ytterlegare, men arbeid med eigedomsskatteprosjektet også i 2013 gjer at sakshandsamingstida ikkje kan setjast kortare for 2013.

Eininga merkar at aktiviteten i Stordsamfunnet er aukande, med stor pågang av reguleringsplanar og byggjesaker. Det er lagt inn 0,5 mill kr i auka inntekt på bakgrunn av erfaringstala frå 2012. Det er ei målsetting å budsjettera eininga for regulering, byggjesak og oppmåling i balanse, men det ligg alltid ein usikkerheit i gebyrinntektene som er avhengig av talet på saker og type saker. Det er ikkje framlegg om å auka gebyrsatsane, men inntektssida er styrka med prosjektinntekter i tillegg til at det er lagt inn 0,4 mill kr i refusjon for utleige av personell til eigedomsskatteprosjektet.

5.5 Komité for rehabilitering, helse og omsorg

OMSORGSTENESTER	Mål	Resultat 2011		
	2013	Stord	Grp. 8	Landet
Del årsverk m fagutdanning	>74	74	76	73
Del årsverk m fagutdanning frå høgskule/ universitet	>39	39	33	32
Del på korttidsopphald, i % av bef. over 90 år	13	13	-	-
Del plassar (heildøgns-bemanna) % av bef. over 90 år	>63	63	-	-
Snitt tildelte timar i heimen, heimesjukepleie	>6,5	6,5	5,7	4,6
Snitt tildelte timar i heimen, praktisk bistand	<6,2	6,2	7,9	7,3
Del heimeten.mottakarar med omfattande bistandsbehov 67-79 år	25,3	25,3	13,2	11,9
Del heimeten.mottakarar med omfattande bistandsbehov over 80 år	26,5	26,5	14,5	11,3
Del brukarar i institusjon med omfattande bistandsbehov (korttidsopphald)	50	50	41,1	40,8
Del brukarar i institusjon med omfattande bistandsbehov (langtidsopphald)	>94,8	94,8	82,7	79,6
Tid med lege per veke per bebuar i sjukeheim	0,58	0,58	0,36	0,39
Tid med fysioterapi per veke per bebuar i sjukeheim	0,19	0,19	0,3	0,34

I samband med innføring av Samhandlingsreforma er det naudsynt med auka kompetanse innan RHO-tenestene. Terskelen for å få heimesjukepleie er høg og dei som får hjelp skal prioriterast. Det er ønskjeleg å redusere praktisk bistand for å frigjera ressursar til dette. Prosentdel av mottakarar med omfattande behov syner kvifor det blir brukt mange ressursar til kvar brukar.

HELSE	Mål	Resultat 2011		
	2013	Stord	Grp. 8	Landet
Legeårsverk pr 10000 innb	11	10,3	8,6	9,7
Snitt listelengde fastlegar	1000	1236	1185	1171
Del fysioterapi årsverk pr 10000 innb	6,3	6,3	7,8	8,6
Reservekapasitet fastlege	300	99	104	105,0
Røyking gravide kvinner %	<18	18	19*	20
Tal hoftebrot pr 1000 innbyggjarar. Gjennomsnitt siste 3 år	1,5	1,5	2,1**	2,2
Tal brukarar av frisklivsentrar	60			
Prosentdel uføretrygda 18 – 44 år	2,4	2,4	2,1**	2,3
Tal sjukehusopphald pr 1000 innb	280	280	249**	262
Del av liggedagar for innb. som er 80 år og eldre i %	18	18(2010)	21**	24
Tal reinnl. etter medisinsk opphald pr 1000 innb	23	23(2010)	19**	17

*Gjennomsnitt dei siste 10 åra

** Fylket

Tilgjenge til fastlege og ordningar som gjev meir ”døgnopne kommunar ” i helse- og omsorgstenesta er grunnleggjande føresetnader for å kunna stetta krav i nytt lov- og føreskriftsverk. Dette krev

tilrettelegging og utvikling av utvida samarbeid i helse- og omsorgstenesta. Røyking skal registrerast ved 1. gongs undersøking av gravide kvinner og er eit måltal som er viktig for komande generasjonar. Det kan visa korleis tobakksbruk har utvikla seg mellom unge kvinner. Kommunen skal leggja til rette for rett og redusert bruk av dei statlege spesialisthelsetenestene gjennom endringar i tenestetilbodet, førebyggjande og helsefremjande tiltak. Utviklinga i bruk av sjukehusstenester er tilgjengelege parametarar som kan nyttast fram til betre måltal er utvikla.

NAV KOMMUNE	Mål		Resultat 2011	
	2013	Stord	Grp. 8	Landet
Snitt stønadslengde 18-24 år , mnd.	3	3,7	-	-
Snitt stønadslengde 25-66 år, mnd.	3	4	-	-
Del som går over 6 månader på stønad i %	20	25	33	34
Del mottakarar med individuell plan i %	6	4,8	4,4	3,5
Del mottakarar som får gjeldsrådgjeving i %	25	22	-	-
Telefontid for brukarar, timar per veke	37,5	37,5	-	-
Deltakarar i Kvalifiseringsprogrammet	25			

Måltal for snitt stønadslengde < 3 mnd. og andel som mottok stønad over 6 månader er viktige å ha med for å kvalitetssikre fokus på arbeid/aktivitet og evt. trygderettar. God og tidleg gjeldsrådgjeving er viktig for å hjelpe brukarar til å handtere eigen økonomi, og bidreg til å halde utgifter til sosialhjelp nede. Tilgjenge på telefon er ein del av servicen til NAV og tal på deltakarar i Kvalifiseringsprogrammet er i tråd med sentralt fastsette mål.

5.5.1 Status

Ved årsskiftet starta innføringa av Samhandlingsreforma. Dette er ei styringsreform med mål å skapa ei berekraftig utvikling. Kommunen skal jobba meir med helsefremjing, rehabilitering og førebygging, og alle deler av kommunen skal leggja til rette for folkehelse. Brukaren skal oppleve heilskaplege og koordinerte tenester, ha større påverknad og ha nærleik til behandlingstilbod. Sjukehuset skal driva spesialisert helseteneste, og kommunen skal byggja opp kompetanse og kapasitet til å gi eit godt rehabilitering, helse og omsorgstilbod til dei som ikkje treng spesialisthelseteneste. Forskyving frå behandling til førebygging har vore ei viktig utfordring når forslag til 2013 budsjett skulle lagast og i budsjettforslaget har ein redusert ordinære behandling/omsorgstenester for å kunne prioritere førebyggjande tiltak.

Kommunen har fått eit medfinansieringsansvar for medisinsk behandling på sjukehus og økonomisk ansvar for dei som er ferdigbehandla. For å sikra god samhandling mellom kommunen og helseføretaket er det laga 11 samarbeidsavtalar. Desse avtalane er politisk vedtekne og er juridisk forpliktande avtalar med økonomiske konsekvensar. Kundetorget nyttar om lag 100% stilling til sakshandsaming og kvalitetssikring i høve Samhandlingsreforma.

I samband med Samhandlingsreforma har kommunen mottatt fleire økonomiske tilskot, m a til prosjektstilling som folkehelsekoordinator og til utgreiing av Frisklivssentral. Det er eit mål at tilsette gradvis endrar innstilling frå å tenkja sjukdom og behandling til å tenkja folkehelse, helsefremjing og førebygging. I haust starta me opp eit pilotprosjekt for Frisklivssentral med utprøving av tiltak m a som auka fysisk aktivitet, kosthaldsrettleiing og røykeslutt.

Kjøp av Ådland studentheim skulle gje samlokaliserte heimetenester, nye omsorgsbustader og legesenter. Då dette prosjektet ikkje kunne realiserast, har ein samla heimetenestene i to basar: Sævarhagen og SKE bygg på Leirvik. Dette har ført til godt samarbeid mellom dei avdelingane som er samlokaliserte også på kveldstid og i helgar. Full samlokalisering vil kunne gje ytterlegare gevinst.

Det er mangel på plassar med heildøgnsomsorgstilbod i Stord kommune. Kommunen har 45 plassar under statleg norm og talet er aukande. Samhandlingsreforma har skapt eit ytterlegare press på institusjonsplassane med innføring av kommunane si opphaldsbetaling for ferdigbehandla pasientar. I periodar fører dette til at pasientar med heilt forskjellige behov (demente, personar med psykiske lidingar, personar som skal avslutta livet og andre) vert liggjande på same avdeling.

Eit samarbeid mellom Eining for habilitering, NFU (Norsk foreining for utviklingshemma) og NAV har resultert i tre nye dagplassar og eit lågterskeltilbod ein gong i veka innan eksisterande, økonomiske rammer.

Det er for tida auke i tal på mottakarar av økonomisk stønad. Sannsynlegvis har dette delvis samanheng med noko høgare arbeidsløyse. Aukande arbeidsmengd i industrien gjer at det er venta auka sysselsetjing framover, noko som påverkar nivået på sosialhjelpsutbetalinga. Auka satsing på Kvalifiseringsprogrammet, Jobbklubb for ungdom og andre satsingar på ungdom (Styrk) kan gje positivt utslag på behov for sosial stønad.

I forslag til statsbudsjett for 2013 er øyremerkta tilskot innan rusområdet lagt over i ramma. Dermed kan prosjekta som er gjennomført i Stord kommune vidareførast. Dette er tiltak som: MARIS ved LAR (legemiddelassistert rehabilitering) og LAV (lavterskel helsestasjon for rusavhengige), PROBIS (program for bustadoppfølging) som og gjeld rusavhengige og Koordinerande Tillitsperson.

Rekruttering av sjukepleiarar og miljøterapeutar er for tida god, medan det er vanskar med å få rekruttert kvalifiserte fagarbeidarar.

Vikarpoolen er utvida til å gjelda tre einingar: heimebaserte tenester, sjukeheimen/ Knutsaåsen omsorgssenter og rehabiliteringssenteret. Eining for habilitering skal slutta seg til poolen i 2013. Vikarpoolen er tidssparande for mellomleiarane og medverkar til at fagutdanna får tilsetjing i ønska stillingsbrøk.

5.5.2 Utfordringar

Samhandlingsreforma er ei retningsreform som peikar kva veg me skal gå. Framover vert det viktig å halda fokus på førebygging og folkehelse og dra med alle sektorar i dette arbeidet. Samstundes må kompetansen aukast og tilbod leggjast til rette for å betre ivareta dei nye krava til kommunen. Det er mulig å søkja statlege tilskot til kompetanseheving innan forskjellige områder, men kommunen må også stilla med økonomisk eigendel.

Reforma utfordrar oss også i høve å utvikla det tverrfaglege samarbeidet både internt i eininga og opp mot andre einingar/nivå. Det vert og viktig å arbeide vidare mot reell brukarmedverknad og brukarstyring i samsvar med retningslinjer frå sentrale styresmakter

Kommunen har låg dekning av Fysioterapeutar både når det gjeld fast tilsette og dei med driftstilskot. Dette medfører lange ventelister og er ei utfordring med tanke på retninga helsetenesta no skal dreiest i.

Mangel på sjukeheimplassar er og ei stor utfordring. I tillegg til at dei som vert tildelt plass er svært omsorgstrengande (95% har omfattande bistandsbehov), må fleire bu heime, som ikkje burde gjera dette. Dei ville fått betre og billegare tenester på ein sjukeheim.

At personar med heilt forskjellig alder, diagnosar og behov skal bu saman på same avdeling er ikkje ei god løysing, korkje for personane sjølve, pårørande eller tilsette. Det er eit mål å differensiera tilboda meir, slik at flest mulig som bur på institusjon får eit verdig og godt tilbod.

Utviklinga innan forvaltning og ivaretaking av samarbeidsavtalane fører til at Kundetorget har behov for å knyta til seg juridisk kompetanse.

Demensteamet som greier ut og diagnostiserar personar med demenssjukdom er pressa på tid. Pr i dag er det drift ein dag i veka 9 månader i året. Dei har lange ventelister og blir meir brukt ettersom tilbodet har blitt kjent. Det er eit mål å auka kapasiteten til teamet.

Det er for få dagplassar i kommunen. Fleire heimebuande personar med demens og personar med utviklingshemming har behov for eit sosialt fellesskap på dagtid.

Når det gjeld dei økonomiske nedtrekka og effektiviseringstiltaka som er sett i verk, fører dette til at ein blir meir sårbar for svingingar i funksjonsnivå og nye brukarar.

Kommunen har krav på seg til å etablere døgnplasser for øyeblikkeleg hjelp innan 2016. Bømlo, Fitjar planlegg saman med Stord ei felles sengeavdeling i nær tilknytning til interkommunal legevakt. I statsbudsjettet ligg det øymerka midlar til å finansiere ordninga. Kommunen har krav på seg til å etablere døgnplasser for øyeblikkeleg hjelp innan 2016. Bømlo, Fitjar planlegg saman med Stord ei felles sengeavdeling i nær tilknytning til interkommunal legevakt. I statsbudsjettet ligg det øymerka midlar til å finansiere ordninga.

I forslag til 2013 budsjett er det lagt inn forventa inntekter på om lag kr 30,9 mill knytt til refusjonsordninga for ressurskrevjande brukarar. Dette er ein auke på om lag kr 11,8 mill i høve 2012 budsjettet. Talet seier noko om den sterke veksten i brukarar med omfattande hjelpebehov. Bruk av desse midlane utan samstundes å legge inn driftsauke, er ein usikkerhetsfaktor i budsjettforslaget.

5.5.3 Sosialtenester, NAV

Økonomisk sosialhjelp har hatt ein sterk vekst i 2012 og det ser ut som det blir negative rekneskapstal. Trass i dette vel rådmannen å vidareføre budsjettet på 2012-nivå. Dette er grunngeve med ein positiv sysselsetjingssituasjon neste år og ikkje minst sterkare fokus på målretta tiltak. Kvalfiseringsprogrammet (KVP) vil og til neste år vera eit godt reiskap for dette.

Det er for tida eit sterkt trykk på kommunane om å ta i mot fleire flyktningar enn føregåande år. Vellukka integrering heng saman med at ein har eit godt støtteapparat som tek i mot. Skal ein auke mottak, må ein og difor auke bemanninga i flyktningtenesta. Med bakgrunn i dette føreslår rådmannen at ein opprettheld tidlegare målsetjing og tek i mot 10 nye flyktningar neste år. I tillegg kjem ev familiesameiningar. Integreringstilskotet er redusert med om lag kr 2,0 i høve 2012 med bakgrunn i erfaringstal.

5.5.4 Sosial og førebyggande tenester

Eininga har hatt høgt aktivitetsnivå i høve å gjennomføre rusreforma. Det er svært positivt at prosjekta som er starta opp med øyremerka midlar no kan vidareførast ved at rammetilskotet til kommunen er auka. Eit nytt bufellesskap på Ås for personar med rusproblematikk er opna i 2012 med heilårsdrift i 2013. Kostnaden er husleige kr 7500,-/mnd + straum for personalbasen, mens resten er dekkja gjennom omprioriteringar i drifta..

I samband med nytt lovverk har ein fått tre nye prosjekt frå Helsedirektoratet. Det er Sunn Framtid i samarbeid med HSH, Helse Fonna og Kvinnherad kommune. Prosjektet skal utvikla ein metode i høve til overvekt/fedme. Helsedirektoratet har og løyvd midlar til styrking av førebyggande helse med tanke på folkehelseperspektivet med 80% stilling. Vidare er Stord kommune vald ut som pilotkommune i høve til utvikling av betre tverrfagleg innsats (BTI) i høve til barn og unge. Denne metoden er tenkt nytta i høve til alle tenester på sikt. Prosjekta vert vidareført i 2013.

5.5.5 Habilitering

Drifta er vidareført på om lag same nivå som i 2012. Heilårsdrift for dei nye bufellesskapa er innarbeidd med om lag kr 7,3 mill i Sæbøhaugen og kr 6,1 mill i Knutsaåsen. Ein har ikkje funne rom for oppstart arbeid med nye dagplassar før i 2015 og nye bustader med heildøgnsomsorg i 2016. Det er heller ikkje lagt inn auka ressursar til nye brukarar som vil ha krav på tenester. Dette vil medføre utfordringar i 2013 og i åra som kjem.

5.5.6 Institusjonsdrift

Ramma til Stord sjukeheim og Knutsaåsen eldresenter er vidareført i 2013. Med tanke på pasientgruppa som no er på institusjon er økonomien stram og sårbar for variasjon i omsorgsbehov. Særleg utfordrande er pasientar med utagerande åtferd. Det er lagt inn midlar til å kunne investere i 2 – 3 nye pasientløftarar og vidare oppgradering av sjukesignalanlegg. Planlagt oppstart nye institusjonsplassar er utsett til 2016, men det ligg inne kr. 1,0 mill i planleggingsmidlar kvart år. Det er og lagt inn midlar til grunnkjøp. Utsetjinga medfører rimeleg store utfordringar med tanke på underdekninga ein har i dag. For å kompensere noko av dette føreslår rådmannen at ein frå 2014 nyttar minimum 2 av sengeromma på rehabiliteringssenteret til 2- sengerom for korttidspasientar. Det er lagt inn 1,0 mill i investeringskostnader frå 2013 for å kunne legge til rette for dette. Det er og lagt inn kr 1,0 mill til ombygging av 3 rom på Stord sjukeheim som ikkje er nytta i dag grunna krav frå branntilsynet, men ein har heller ikkje funne rom for å drifte desse før i 2014.

Rådmannen arbeider no med eit alternativ til Ådland Helse og Omsorg og midlar til dette er lagt inn i forslag til budsjett med kr 10,0 mill i 2014 og kr 55,0 mill i 2014. Utfordringa er at prosjektet skal vera sjølvfinansierande noko som gjer gjennomføringa usikker. Rådmannen vil fremja eiga sak om moglege alternativ til ”Ådlandprosjektet”.

5.5.7 Aktivitet og rehabilitering

Som ein del av den førebyggjande satsinga legg rådmannen opp til å vidareføre stillinga som Folkehelsekoordinator i 40 % stilling i 2013. Stillinga har t.o.m. 2012 vore prosjektfinansiert med statlege midlar.

Hausten 2012 starta kommunen opp eit pilotprosjekt med frisklivssentral. Dette er eit kommunalt tilbod for personar som av ulike grunnar treng å endre levevanar. Sentralen er eit lågterskeltilbod som har tilbod for ulike grupper og følgjer dei opp med omsyn til meistring av eiga helse. Budsjettforslaget legg opp til vidareføring av pilotprosjektet og ei gradvis opptrapping. I 2013 er det lagt inn kr 0,4 mill + overføring av øyremerka statstilskot med om lag kr 0,180 mill.

”Heimebasert rehabilitering for pasientar med hjerneslag i kommunane Stord, Bømlo og Fitjar” er eit samarbeidsprosjekt mellom nemnde kommunar, Helse Fonna og Høgskulen Stord/Haugesund. Prosjektet har kome i stand med midlar m.a. frå Helsedirektoratet og har sitt utspring i ”Helsetorgmodellen”. Mål for prosjektet er å prøve ut ein modell med ambulant team som gir tenester i heimane med mål om betre pasientforløp for hjerneslagpasientar. Prosjektet er vidareført i 2013 med kr 0,3 mill i tilskot frå Stord kommune. Helsedirektoratet har lova støtte i 2013 og det er forventa at dei andre samarbeidskommunane og går inn med midlar. Det er lagt inn kr 0,8 mill til innkjøp av ny buss for transport av funksjonshemma

5.5.8 Heimebaserte tenester

Heimebaserte tenester er vidareført på om lag same nivå som 2012, men har delvis fått kompensert lønsveksten og årsverknad av drifta i nye delen av Apalvegen bufellesskap (om lag kr 1,4 mill) Eininga vil neste år og få heilårsverknad på nokre svært ressurskrevjande brukarar som det ikkje fullt ut er teke høgd for i budsjettforslaget. Arbeidet med effektiviseringstiltak og samlokalisering må difor ha fokus også neste år.

Eit av effektiviseringstiltaka neste år er utviding av dagtilbodet for personar med demensproblematikk frå 8 til 16 personar. Det er lagt inn kr 0,5 mill i drift og kr 0,8 i investeringskostnader for å få dette til og det er forventa at staten går inn med tilskot på kr 0,065 mill pr nye plass som vert oppretta.

Rådmannen legg opp til at heimebaserte tenester neste år får høve til å avslutte ein del leasingavtalar på bilar og gå over til el bilar. Det er lagt inn kr 2,0 mill til investering i 6-7 elbilar og etablering av hurtigladestasjon. Ordninga vil redusere driftsutgiftene med om lag kr 0.350 mill årleg. Det er lagt opp til å søkje staten (Transnova) om støtte.

5.5.9 Kundetorget

I 2012 budsjettet vart det vedteke å opna 3 senger på Rehabiliteringssenteret, for å ha meir kapasitet til å ta imot ferdigbehandla pasientar. Dette vart finansiert ved å bruka av overførte midlar i samband med samhandlingsreforma. Dette har gitt større kapasitet, men ført til at ein budsjettmessig ligg på etterskot i høve overføringar til sjukehuset (medfinansieringsordninga). Tiltaket er vidareført i 2013 og kan medføra at Kundetorget vil gå med eit tilsvarande avvik. 2,0 mill av samhandlingsmidlane er foreslått nytta til tiltaket. Alternativet vil vera å stenge plassane, noko som vil gje dårlegare kapasitet og sannsynlegvis vil auke kostnadane for kommunen.

5.5.10 Bustader for personar med særskilte behov

I 2011 og 2012 er det bygd 21 nye bustader i fire bufellesskap for personar med særskilte behov. Husværa er 100% finansiert av tilskot frå Husbanken og husleige. Driftskostnadane er vidareført i økonomiplanen.

Ny kartlegging i 2012 viser at 21 personar, som i dag bur heima, har behov for å flytta til bufellesskap innan 2015. Overordna bustadgruppe foreslår å byggja 24 bustader i eit fellesskap som kan brukast til forskjellige grupper. Eit slikt kostnadseffektivt grep vil bryta med tanken om små bufellesskap rundt om i kommunen og vil nok føra til diskusjonar. Med tanke på auke i behov og kostnadsveksten vil det likevel vera naudsynt å ta desse diskusjonane. Kostnad for bygging er estimert til ca. kr. 53,5 mill, med fråtrekk av 16 mill i tilskot og ev refusjon av mva. Det er førebels lagt inn kr 30,0 mill i økonomiplanen med mogeleg byggestart i 2016.

Driftskostnader er svært vanskeleg å budsjettera sidan personane bur heima og får mykje av hjelpa og omsorga frå foreldra. Grovt estimert vil drifta ha ein årskostnad på rundt kr 20,0 mill. Noko av dette kan verta finansiert av tilskotsordninga for ressurskrevjande tenester.

5.5.11 Legetenesta

Legetenesta i kommunane må styrkjast i samband med overføring av oppgåver frå spesialisthelsetenesta til kommunane, men det er ikkje sett av midlar til styrking av offentleg legearbeid i budsjettforslaget. Kommunen må halda fram med å utvikla prosjekt innanfor helse og omsorgstenestene der og legetenesta er med, noko som igjen kan gje grunnlag for statleg støtte gjennom samhandlingsmidlar. Auken i kostnadane for legetenesta er knytt til ny leigeavtale med Helse Fonna om drift av legevakta. Totalkostnaden for legevakta ser ut til å dekke Stord kommune sin del når me skal forhandle fram ein avtale om interkommunal legevakt for Bømlo, Fitjar og Stord. Målsetjinga er tilstadesvakt for lege kvar dagar 15:00 til 08:00 og helg/høgtid.

5.6 Kommunale føretak

Kommunestyret vedtek føretaka sine økonomiplanar og budsjett, inklusive investeringar, betalingssatsar og avgifter. Kommunestyret vedtek nettoramme drift for Stord vatn og avlaup KF inklusiv overføring til fagområda veg, trafikk og parkering spesifisert etter ansvar og tenesteområde. For Stord kommunale eigedom KF fastset kommunestyret internhusleige og vedtek overføringa til Stord kommune, samt overføring til grøntavdelinga spesifisert etter ansvar og tenesteområde.

Etter at kommunestyret har vedteke budsjettet skal styret for føretaket utarbeida eit spesifisert budsjett som skal sendast fylkesmannen i samsvar med retningslinene i §2 i Forskrift om særbudsjett, særrekneskap og årsmelding for kommunale føretak.

Styret for føretaket har mynde til å omdisponera midlar mellom budsjettformål og/eller prosjekt innanfor føretaket sine budsjetttrammer. Omdisponeringar skal leggast fram som meldingssak til kommunestyret. Slike omdisponeringar skal likevel ikkje vera i strid med økonomireglementet om avgrensingar og føresetnader knytt til fullmakter, dvs at endringane ikkje skal vera i konflikt med mål og prioriteringar i årsbudsjettet eller andre politiske vedtak. Føretaka sine budsjettframlegg følgjer som vedlegg til kommunebudsjettet.

5.6.1 Stord kommunale eigedom KF (Ske KF)

Overføringa til føretaket er todelt. Kommunen kjøper reinhaldstenester og vert belasta med ei intern husleige. Internhusleiga skal reflektera kostnaden ved arealbruk, og skal dekkja føretaket sine drifts- og

kapitalkostnader og vedlikehald. Rådmannen tilrår å kjøpe reinhaldstenester for 16,3 mill kr som er ein nedgong på 1,2 mill kr frå revidert budsjett 2012. Dette er i samsvar med Ske KF sitt budsjettframlegg.

Rådmannen gjer i samsvar med budsjettframlegget frå føretaket framlegg om at den samla internhusleiga vert sett til kr 89 352 074. Overføringa til kommunen vert foreslått sett til kr 80 093 250. Dette inneber ei styrking av driftsbudsjettet til Stord kommunale eigedom KF med 1,0 mill i høve til revidert budsjett 2012. Føretaket har i sitt framlegg sett overføringa til kommunen til 72,7 mill kr, det er såleis eit avvik mellom dei to budsjetta på om lag kr 7,3 mill. Føretaket har m.a. bede om 4,5 mill til auka driftskostnader bygg og 2,5 mill i redusert prosjektfinansiering.

Det er heilt naudsynt å rusta opp kommunale bygningar. Ske KF melder i budsjettrevisjonen for 2. tertial eit avvik på 0,8 mill kr på husleigeinntekter som følgje av manglande drifts- og vedlikehaldsbudsjett. Det er framlegg om ei løyving på 3 mill kr på investeringsbudsjettet til påkosting av kommunale bygningar i 2013, dvs. planlagde tiltak som aukar standarden på bygga i høve til det opprinnelige nivået. Det er i samsvar med økonomiplanen lagt opp til investering i enøk, innemiljø, brannsikring og HMS-tiltak på kommunale bygg med til saman kr 7,5 mill.

Rådmannen legg opp til at føretaket sitt samla underskot på 8,2 mill kr vert dekkja inn over basisorganisasjonen sitt driftsbudsjett.

Budsjett Ske KF	2012	2013	Endring
Kjøp av reinhaldstenester	17 567 587	16 303 820	-1 263 767
Internhusleige	89 160 039	89 352 074	192 035
Overføring frå kommunen (park/grønt)	3 572 978	3 690 886	117 908
Overføring til kommunen	88 935 050	80 093 250	-8 841 800
Netto ramme	21 365 554	29 253 530	7 887 976
Endringa i overføring til kommunen består av:			
Korreksjon for mva komp investering og drift		7 841 800	
Styrka driftsbudsjett		1 000 000	

Tala for reinhald og internhusleige er ikkje direkte samanliknbare mellom åra 2012 og 2013. Det er bl a gjorte endringar i avtalane med legekantora i Myro og Sagvåg slik at legekantora betalar husleige direkte til føretaket. Huglo skule er og teke ut, medan lokala til sivilforsvaret i industribygget på Litlabø er lagt inn. Det er og lagt inn heilårsverknad av husleige for personalbasane på dei nye bustadane. Momskompensasjonen er korrigerert for effekten av at berre 20% kan inntektsførast i drift. Momskompensasjon drift er kompensert for bortfall av kompensasjon for framleige av eksterne bygg.

5.6.2 Stord vatn og avlaup KF (Sva KF)

Investeringane innanfor avgiftsområda, vassforsyning og avløp skal vera basert på hovudplan for vassforsyning og hovudplan for avløp. Sva KF har meldt oppstart av rullering av begge desse planane, som skal vera styrande for prioritert utbygging av vatn og avløpsanlegg. Gjeldande kommunedelplan for avløp er revidert i 2005, og kommunedelplan for vassforsyning blei revidert i 2006. På avløpssida er dei nye vedtekne reinsekrava frå Klima- og forurensningsdirektoratet (Klif) med og overstyrer kommunedelplanen. Budsjettet for 2013-2016 har med berekna konsekvensar av nye reinsekrav, tufta

på forstudiet av utbygginga. Det er lagt opp til ei investeringsramme innanfor vassforsyning på 43,1 mill i 2013, og 187,7 mill i perioden 2013-2016. Investeringsramme for avlaup og reinsing er 70,6 mill i 2013 og 534,5 mill i perioden 2013-2016. Det vert elles synt til vedlagde budsjettframlegg frå Sva KF. Føretaket legg opp til følgjande kommunale eigedomsgebyr for 2013:

Eigedomsgebyr 2013 (eks mva)		2012	2013	Auke kr
Vassavgift	Årsavgift vanleg bustad	3 188	3 271	83
	Tilknytingsavgift	15 000	18 000	3000
Avløpsavgift	Årsavgift vanleg bustad	3 739	3 864	125
	Tilknytingsavgift	15 000	18 000	3 000
Renovasjon	Standard løysing SIM	1 902	1902	0

Rådmannen gjer framlegg om at kommunestyret vedtek budsjettframlegget frå Stord vatn og avlaup KF slik det ligg føre.

Veg, trafikk, parkering

Sva KF overtok ansvar for VTP 01.01.2012. Sva KF fekk då overført ei nettoramme på 7 097 809. I ekstraordinær budsjettrevisjon 22.03.12 vart ramma redusert med kr 120 000 til 6 977 809. Denne ramma vert foreslått auka i budsjettet for 2013 med kommunal deflator 3,3 % til kr 7 208 077.

Momskompensasjon opptent i drift vert inntektsført i føretaket og aukar nettoramma.

Momskompensasjon opptent i investering er todelt, 80 % skal inntektsførast i investeringsrekneskapen medan 20% kan overførast drift i 2013. Det vert foreslått at den delen som kan førast i drift vert tilbakeført til basisorganisasjonen i 2013. Frå og med 2014 skal all momskompensasjon opptent i investering, inntektsførast i investering.

Det er lagt opp til ei investeringsramme innanfor veg på 2,5 mill i 2013. Kr 1,0 mill av dette er avsett til trafikksikring. Sva KF peikar på eit stort investeringsbehov innanfor VTP-området, men rådmannen ser ikkje at det er rom for å auke investeringane på dette området. Ein viser elles til føretaket sitt budsjettframlegg.

6. Finans, avgifter, betalingssatsar

6.1 Gebyr og betalingssatsar

Dei kommunale vatn, avlaup og renovasjonsavgiftene vert fremja av det kommunale føretaket Stord vatn og avlaup KF, jf. avsnitt 5.6.2 over.

Budsjettforslaget har innarbeida ein avgiftsauke på 5% på gebyr for feiing og branntilsyn. Dette for å dekke inn tidlegare underskot innanfor området. Det er foreslått ein auke på 5% på betalingssatsane for kulturskule og SFO. Elles er det ikkje lagt opp til avgiftsauke. Saker om betalingssatsar vert lagt fram for komiteane i medhald av gjeldande fullmakter.

6.2 Finansinntekter og –utgifter, lånegjeld

Kommunen si samla lånegjeld eksklusiv startlån vil ved utgangen av 2012 vera på kr 1 122 mill. Stord hamn sin del av gjelda er kr 3,1 mill. Kommunen har vidareutlånt startlån for kr 103 mill.

Minimumsavdrag er rekna ut etter bestemmelsane i kommunelova § 50 nr. 7. Det er lagt til grunn minimumsavdrag for heile planperioden.

Foreslått låneopptak i perioden (1000 kr)	2013	2014	2015	2016
Startlån	25 000	25 000	25 000	25 000
Avgiftsfinansierte låneopptak	81 940	126 311	192 850	239 394
Lån Stord Hamn	4 580	630		
Andre lån	50 587	36 595	51 795	158 485
Sum låneopptak	162 107	188536	269 645	422 879

Lånegjeld per 31.12 (mill kr)	2012	2013	2014	2015	2016
Total lånegjeld	1 041	1 143	1 243	1 420	1 743
Formidlingslån/startlån	-103	-123	-143	-163	-183
Eigne lån	939	1 020	1 100	1 256	1 560
Utlån til Stord Hamnstell	-3,2	-12,7	-13,3	-13,1	-12,9
Lån finansiert over VA-området	-431	-513	-639	-832	-1071
Sum lån ekskl. VA og hamn	504	495	448	411	475

Berekna renter og avdrag (1000 kr)	2013	2014	2015	2016
Renteutgifter	48 403	53 289	59 705	74 351
Avdragsutgifter	31 000	34 024	37 705	43 668
Sum rente og avdrag	79 403	87 313	97 410	118 019

Det er lagt til grunn ei flytande rente på 2,85% i 2013 og fast rente berekna etter dei låneavtalane kommunen har i dag. Vidare i økonomiplanen har ein lagt desse rentene til grunn: 2014: 3,12 %, 2015: 3,84 % og 2016: 4,46 %. Det er vidare lagt opp til at nye lån som vert tekne opp vert nedbetalt med minimumsavdrag etter kommunelova § 50 nr. 7.

I årsbudsjettet for 2013 er det forventet slik avkastning på kommunen sine midlar:

Aktivaklasse	Kapital 1000 kr	Forventa avkastning i %	Budsjettert uttak avkastning i 1000 kr.
Lån egne selskap og idrettslag/kontanter	11 900	2,85 %	341
Obligasjonar	85 000	3,35 %	2 850
Aksjar	12 300	7,00 %	860
Andel kraftselskap			2 363
Renter av andre plasseringar og utlån			7 565
Sum			13 979

Andre plasseringar er m.a. startlån (ca 2,9 mill kr), renter av bankinnskott/ skattetrekkkonto (ca 4,1 mill kr), morarenter (ca 0,4 mill kr).

Det er ein nedgang i avkastning frå 2012 til 2013 på 2,5 mill. Hovudårsaken er nedsal av 50 mill kr i kraftsalsfondet, samt at ein har redusert attverande plassering i aksjar til eit minimum i høve til finansreglementet. Avkastninga er med dette meir føreseieleg.